



# Kulturminneplan

## Granvin herad

*«Det som kan hende er mest vanskelig, er å sette denne utviklinga i det rette tidsperspektiv. Men vi forstår at dei kulturminna vi i dag utnyttar og til dels forbrukar ikkje alltid kan erstattast. Det er derfor å vone at folket i desse bygdene også i framtida vil forstå at eit naudsynt grunnlag for ei fornuftig disponering av kulturminna er kunnskap om desse ressursane».*

Lett omskriving av sitat av Noralf Rye i bygdeboka om Granvin (1977: 87).

## Innhald

<i>Forord</i>	5
<i>Planprogrammet for kommunedelplan i Granvin herad</i>	6
<i>Kulturminne i planverk og Stortingsmeldingar</i>	8
Hordaland fylkeskommunes rolle i plan- og forvaltingsarbeidet	8
Stortingsmeldingar	8
<i>Lovverket</i>	10
Lov om kulturminner av 9. juni 1978	10
<i>Korleis vurdere kulturminna?</i>	13
<i>Nokre ord og omgrep</i>	14
Arkeologiske kulturminne	14
Biologiske kulturminner	14
Faste kulturminne	15
Immateriell kulturarv – tradisjonskunnskap	15
Kulturmiljø	15
Verneverdig kulturminne	15
<i>Økonomiske støtteordningar</i>	16
Hordaland Fylkeskommune	16
Riksantikvaren	16
Kulturminnefondet	17

<i>SMIL-midlar (Spesielle Miljøtiltak i Landbruket)</i>	17
<i>Stiftinga UNI</i>	17
<i>Ta et tak – norsk kulturarv</i>	17
<i>Lokale stiftningar</i>	17
<i>Andre legat og ulike sparebankfond</i>	17
<i>Naturforholda i Granvin</i>	19
<i>Kulturhistoria til Granvin</i>	23
<i>Prioritering av kulturminne i Granvin herad</i>	26
<i>Gardar og verneverdige bygg</i>	26
<i>Husmannsplassar</i>	28
<i>Kulturmiljø</i>	29
<i>Støler og stølsområde</i>	30
<i>Reiseliv</i>	33
<i>Industrielle kulturminne</i>	35
<i>Togbana</i>	40
<i>Sjøen og fjorden som transportårer</i>	40
<i>Krigens kulturminne</i>	42
<i>Immaterielle kulturminne</i>	44
<i>Kjelder</i>	47
<i>Nettstader (generelle)</i>	47

<i>Nettstader (sortert etter tema)</i>	48
<i>Munnlege kjelder</i>	49
<i>Vedlegg</i>	50
<i>Kart</i>	56

## Forord

Kulturminne og kulturmiljø er i dag rekna som fellesverdiar i samfunnet. Dei er kjelde til kunnskap, oppleving og bruk, både for den einskilde og fellesskapet.

I statleg politikk har vern av kulturminne to hovudfokus: Ein skal sikra dei ikkje-fornybare frå øydelegging, samstundes som ein skal leggja til rette for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping.

Kulturminnelova definerer kulturminner som «alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø». Ein skil mellom faste kulturminne (bygningar, murar, vegar ol.), lause kulturminne (gjenstandar) og den immatrielle kulturarven (kunnskap og ferdigheter innan handverk, dans, musikk, tradisjonar eller skikk og bruk).

God forvaltning krev kunnskap både om kulturminna og lokalhistoria og om kva som skal til for å ta vare på desse verdiane.

I Granvin herad sin kulturminneplan, legg me til grunn at kulturminne er ein resurs her og no, og også ein resurs me forvaltar på vegne av dei som kjem etter oss.

Det offentlege og innbyggjarane i heradet har eit ansvar for å ta vare på kulturarven på ein god måte. Ikkje alle spor etter fortida kan takast vare på, difor er det viktig at vurderingar rundt kva som skal takast vare på vert gjort på eit fagleg grunnlag.

I 2013 vedtok fylkesutvalet i Hordaland mål om at alle kommunar i Hordaland bør ha kommunedelplanar for kulturminne. I økonomiplan 2014-2017 vedtok fylkestinget å setja av ei årleg ramme på 1. mill. til føremålet, og det er sett av ressursar til kompetansebygging og rettleiing i kommunane.

Denne planen er eit resultat av dette og i 2014 - 2015 mottok Granvin herad i alt kr. 200 000,- frå Hordaland fylkeskommune til arbeid med kulturminneplan for Granvin herad.

Målet er at denne planen skal vera eit arbeidsdokument for vidare arbeid med kulturminnevern i Granvin. Me har difor lagt vekt på kva som gjer at eit kulturminne har verdi. Planen har ikkje prioritert kva for kulturminne som er viktigast for Granvin, men har nemnt dei me meiner er viktige. Denne lista må ikkje sjåast som uttømande eller statisk.

Granvin herad har ikkje kompetanse på kulturminneregistrering, så mykje av registreringane er bassert på lokale historikarar/personar som gjennom mange år har samla inn og dokumentert kulturminner og hendingar som har skjedd i bygda.

Granvin herad har leige inn kulturminnekompentanse hjå Aurland Naturverkstad ved Christoffer Knagenhjelm, som ma. har utforma plandokumentet.

# Planprogrammet for kommunedelplan i Granvin herad

Det er eit uttalt mål frå Storting og Regjering at tapet av verneverdige kulturminner ikkje skal overstige 0,5 % innan 2020. Som ledd i denne satsinga er det bestemt at både fylkeskommunar og kommunar skal definere sine verdiar, som til dømes kulturminne og kulturmiljø, i regionale og kommunale planar.

Kulturminneplanen for Granvin herad inngår i planprogrammet for kommuneplanen som skal vedtakast i 2016, for perioden 2016-2026. Dette er òg den første kulturminneplanen som er utarbeid for heradet. Heimel for utarbeiding av kommunedelplanen er Plan og bygningslova § 11-1.

I kulturminneplanen følgjer òg ei handlingsdel. Her er eit utval kulturminner peikt ut for særskilt oppfølging. Handlingsdelen skal reviderast kvart år.

Hjå heradet er hovudmålsetninga å få ein oversikt over kulturminna i Granvin, og å sikre føreseielig og langsiktig forvaltning av dei. Dette vil òg bidra til å forenkle og effektivisere heradet sitt arbeid i plan og byggesaker.

For innbyggjarar i Granvin er det viktig at kulturminneplanen vekker engasjement, undring og innsatsvilje. Difor må planen òg tote å utfordre og skape debatt i heradet. Berre på denne måten vil planen leve vidare som eit dynamisk og levande dokument.

Kvart år forsvinn minst 1 % av det arkeologisk kjeldematerialet i Norge. Det er ein statleg målsetning at tapet ikkje skal overstige 0,5 %. Dette kan synes lågt, men sjølv eit tap på 0,5 % over ein 25-årsperiode, vil gje store tap av ein ikkje - fornybar ressurs.

For å sikre lokal medverknad og eigarskap vart det arrangert folkmøte 18. november kor arbeidet med kulturminneplanen vart presentert og deltakarene kunne komme med innspel til planen. Arbeidet har og vore fylgt opp frå heradets side gjennom ein arbeidsgruppe. Kulturminneplanen er òg sendt på høyring.

## Kva er eit kulturminne?

I fylgje kulturminnelova kan alle spor etter menneskeleg verksemd, både materielle og immaterielle, vere eit kulturminne. Med eit slikt breitt utgangspunkt seier det seg sjølve at omfanget av potensielle kulturminner blir høgt. Samstundes er det ikkje mogleg å bevare alt – noko må prioriterast framfor andre ting.

Kva kulturminner er då spesielt viktig i Granvin herad? Kva skal prioriterast framfor andre kulturminne, kva kulturminne kan kaste lys over historia til Granvin herad? Kva meiner innbyggjarane i Granvin er spesielt viktig? Denne planen er eit forsøk på å gje nokre svar på desse spørsmåla.

Som ledd i arbeidet har det vore halden eit folkemøte. Her vart arbeidet med kulturminneplanen presentert og innbyggjarane hadde høve til å komme med innspel. Det har òg vore regelmessig kontakt med ein arbeidsgruppe nedsett av heradet.

Kulturminneplanen for Granvin bygger på tilgjengeleg kjeldemateriale og innspel frå innbyggjarar og arbeidsgruppa.

For heradets del, i den daglege saksbehandlinga, er Plan- og bygningsloven (PBL) vel så viktig som kulturminnelova i forvaltinga av kulturminne og omsyn til desse er nemnd fleire stader i lova:

§ 11-8 omhandlar ulike omsynssoner: *"Kommuneplanens arealdel skal i nødvendig utstrekning vise hensyn og restriksjoner som har betydning for bruken av areal. Hensyn og forhold som inngår i andre ledd bokstav a til f, skal markeres i arealdelen som hensynssoner med tilhørende retningslinjer og bestemmelser".*

Bokstavene c) og d) er direkte knytt til kulturminne:

- c) «*Sone med særlige hensyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønnstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med angivelse av interesse»*
- d) «*Sone for bandlegging i påvente av vedtak etter plan- og bygningsloven eller andre lover, eller som er båndlagt etter slikt rettsgrunnlag, med angivelse av formålet»*

§ 11-9 slår fast at heradet, uavhengig av kommuneplanens arealformål, òg kan vedta føresegns om ulike omsyn. Desse unntaka er lista opp i åtte punkt. Punkt sju omhandlar kulturminne:

*«hensyn som skal tas til bevaring av eksisterende bygninger og annet kulturmiljø»*

Dette punktet vert spesifisert i enda større grad i § 12-7 som gjeld føresegns i reguleringsplanar. Punkt seks omhandlar kulturminneverdiar:

*«Bestemmelser for å sikre verneverdier i bygninger, andre kulturminner, og kulturmiljøer, herunder vern av fasade, materialbruk og interiør, samt sikre naturtyper og annen verdifull natur»*

# Kulturminne i planverk og Stortingsmeldingar

## Hordaland fylkeskommunes rolle i plan- og forvaltingsarbeidet

Hordaland Fylkeskommune er forvaltningsstyresmakt med mynde etter kulturminnelova. Som regionalt mynde tek fylket i vare ei rekke statlege og regionale oppgåver innanfor kulturminnevernet.<sup>1</sup>

Reint praktisk har fylkeskommune fått delegert mynde etter kulturminnelova frå Riksantikvaren og vil difor som oftast vere førstelineinstans, når det gjeld spørsmål eller avklaring om kulturminner i heradet.

Målsetjinga til Hordaland fylkeskommune er at omsynet til kulturminna skal sikrast gjennom all lokal og regional utvikling og arealplanlegging. Fylkeskommunen skal då gje faglege innspel til kommunar og tiltakshavarar for å sikre omsynet til freda og verneverdige kulturminne vert integrert som ein del av planproduktet. Fylkeskommunen har og ansvaret for å gjennomføre arkeologiske registreringar der dette er naudsynt i plansaker. Fylkeskommunen skal og gje råd i einskildsaker som inneber riving, vedlikehald, endring eller ombygging av verneverdige bygningar. Dessutan skal fylkeskommunen gje generelle råd og rettleiing til kommunar, grunneigarar og andre med ansvar for kulturminne.

Hordaland fylkeskommune skal som regionalt mynde kunne setje i gang freding av kulturminne med nasjonal verdi for å kunne sikre eit vern. Ei stadig viktigare oppgåve er å setja i gang arbeid med å lage skjøtselsplanar både for einskilde kulturminne og større område med slike.

Fylkeskommunen skal og vera den som arbeider med å fordele både statlege og fylkeskommunale tilskot til restaurering, istandsetting av freda og verneverdige bygningar og anlegg.

Fylkeskommunen har mange oppgåver, men skal innan kulturminnevernet vera ein viktig utviklingsaktør i sin region. Kulturminnevernet søker slik å setje i gang prosjekt, der målet er å sikre verneverdige kulturminne og kulturmiljø i ein større miljø- og samfunnsmessig samanheng.

## Stortingsmeldingar

Den offentlege utgreiinga «Fortid former framtid - Utfordringer i en ny kulturminnepolitikk» (NOU 2002:1), er grunnlaget for mykje av prioriteringane innan kulturminneforvaltinga dei siste 25 åra.

Både St. meld. nr. 16 (2004-2005) «Leve med kulturminner» og St. meld. nr. 35 (2012-2013) «Framtid med fotfeste», vidarefører mykje av konklusjonane i denne utgreiinga. Samstundes gir St. meld. nr 26 (2006-2007) «Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand» viktige og strategiske mål for bevaring og bruk av kulturminner. Meldinga har som mål at mangfoldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast

<sup>1</sup> jf. <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminnevern-og-museum/Kulturminneforvaltning/Kulturminnevern>

vare på som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping.

Sett samla legg stortingsmeldingane opp til auka satsing på ny fredingspolitikk med mellom anna betre vilkår for eigarar av kulturminne, samt at dei vil styrke kunnskapsgrunnlaget slik at kunnskap og oppleving av kulturminna blir meir tilgjengeleg. Riksantikvaren har òg fått i oppdrag at eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal bevarast i eit langsiktig perspektiv. Den geografiske, sosiale, etniske, næringsmessige og tidsmessige breidda i varig verna kulturminne og kulturmiljø skal betrast, og eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere freda innan 2020.

Det årlege tapet av verneverdige kulturminne og miljø som kvart år blir fjerna, øydelagt eller forfall skal innan 2020 ikkje overstige 0,5 %. Dette er eit nasjonalt resultatmål. Freda og fredingsverdige kulturminne og kulturmiljø skal vere sikra og ha ordinært vedlikehaldsnivå i 2020.<sup>2</sup>



**Figur 1. Tida som var. EL BM 64 05, persontog ved Granvin (Foto: Norsk jernbanemuseum)**

<sup>2</sup> På grunn av manglande oppfølging av naudsynte løvyingar for å målet om ordinært vedlikehald innan 2020, har Regjeringa i budsjettforslaget for 2017

uttalt at dei vil komma tilbake med full gjennomgang av måloppnåinga og ei vurdering av vegen vidare

## Lovverket

Kulturminnelova er den første lova som vart vedteken etter at Noreg vart sjølvstendig i 1905. Sjølv om dette delvis kjem av nasjonalromantiske behov for å markere sjølvstendet, fortel det òg litt om kva verdi dei første stortingspolitikarane såg i å ivareta ei felles kulturarv. Lova vart sist revidert i 1978. Einskilde kulturminne eller kulturmiljø kan ha vern etter kulturminnelova.

Nokre kulturminner, som ikkje kjem under kulturminnelova har òg eit vist vern gjennom plan og bygningslova. Slike kulturminner vert ofte definert som verneverdige. I Plan og bygningslova gjeld dette ofte bygningar.

### Lov om kulturminner av 9. juni 1978

Kulturminnelova har som mål å verne et representativt utval av kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon, som del av vår kulturarv og identitet, og som ledd i en heilskapleg miljø- og ressursforvalting. Lova slår fast kva som er automatisk freda, og regulerer egedomsretten til lause kulturminne. Riksantikvaren, og etter delegert mynde fylkeskommunen, handhevar lova.

Lova opnar for at det kan gis *dispensasjon* frå den automatiske fredinga. Dersom kulturminneforvaltning ut frå faglige og samfunnsmessige vurderingar gjev dispensasjon, vil det vanlegvis bli sett vilkår om arkeologisk undersøking/utgraving for å sikre kjeldeverdien til kulturminna. I slike tilfelle vert dette ivaretatt gjennom dokumentasjon og seinare formidling. Som hovudregel må tiltakshavar dekke kostnadane

#### Kulturminne som kjem under kulturminnelova:

- Alle kulturminner frå før år 1537 (reformasjonsåret)
- buplassar, vegfar, gravhaugar, kyrkjegarder m.m. (§ 4 første ledd)
- Samiske kulturminner som er eldre enn 100 år (§ 4 andre ledd)
- Erklært ståande byggverk frå 1537 til 1649 (§ 4 tredje ledd)
- Dersom det ikkje er vedtatt en særskilt sikringssone har alle automatisk freda kulturminne sikringssone på 5 meter rundt kulturminnet (§ 6)
- Skipfunn som er eldre enn 100 år med utstyr, last eller tilbehør, har et automatisk vern (§ 14)
- Vedtaksfreda (kulturminne yngre enn 1537, men som har nasjonal verdi)
- Føreslått freda kulturminne.

Føreslått freda gjeld kulturminne kor ein har starta prosessen med å vedtaksfreda kulturminnet. Her er verneverdien førebels ikkje avklara (Riksantikvaren kan velje å vedtaksfrede eller avslutte prosessen). Ein kan òg midlertidig frede eit kulturminne ved mistanke om at planlagde eller pågående aktivitetar vil skade eller øydeleggje verdien. Så lenge kulturminnet er midlertidig freda har det same vern som vedtaksfreda kulturminne.

Det er Riksantikvaren som startar prosessen, enten på eigne vegne eller etter innspel frå Hordaland fylkeskommune. Har heradet kulturminner ein trur har regional eller nasjonal verdi må fylkeskommunen kontaktast som så vurderer om kulturminnet har naudsynte kvalitetar.

forbundet med registrering og undersøking/utgraving. Ved mindre, private tiltak dekker normalt staten utgiftene.

Når det gjeld bygg og anlegg som på ulike måtar er freda etter kulturminnelova pliktar eigar å kontakte fylkeskommunen før iverksetting av tiltak som går utover normalt vedlikehald. For slike tiltak er det krav om dispensasjon frå fredingsvedtaket.

Forvaltningsmyndighet over kulturminner frå tida før reformasjonen (1537) er lagt til Bergen Museum og Hordaland fylkeskommune, mens Riksantikvaren har det overordna ansvaret. Kommunen har likevel ansvar for at det blir tatt omsyn til kulturminna og å bidra til utvikling og formidling. Alle innbyggjarar har òg eit sjølvstendig ansvar. Det er viktig å ta omsyn ved ferdsel i kulturminneområde. Vert skade eller hærverk på eller ved kulturminna oppdaga, er det viktig å kontakte kulturavdelinga i fylkeskommunen. Vert det gjort funn som er, eller kan vere eit kulturminne, er det plikt om varsling til same myndigkeit. Dette gjeld både gjenstandsfunn og anlegg som gravhaugar, kolgropar osv.

#### **Nokre viktige punkt i Kulturminnelova:**

§ 1, tredje ledd: Når det etter annen lov treffes vedtak som påvirker kulturminneressursene, skal det legges vekt på denne lovs (dvs. kulturminnelovas) formål. § 15: Departementet kan frede byggverk og anlegg eller deler av dem av kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Fredingsvedtaket omfattar fast inventar (skap, ovner m.v.). Når særlige grunner tilsier det, kan også større løst inventar medtas. I slike tilfeller må hver enkelt gjenstand særskilt spesifiseres.

§ 19: Departementet kan frede et område rundt et fredet kulturminne og skipsfunn som nevnt i § 14 så langt det er nødvendig for å bevare virkningen av **kulturminnet i miljøet eller for å beskytte vitenskapelige interesser som knytter seg til det**.

§ 20: Et kulturmiljø kan fredes av Kongen for å bevare områdets kulturhistoriske verdi. Fredningen kan omfatte naturelementer når de bidrar til å skape områdets egenart.

§ 25, andre ledd: Kommunen plikter å sende søknad om riving eller vesentlig endring av ikke fredet byggverk eller anlegg oppført før 1850 til vedkommende myndighet senest fire uker før søknaden avgjøres. [Midten av 1800-talet markerer ei omfattande auke i byggeaktivitetene og samtidig ei vesentleg endring i byggeskikk og materialval].

§ 27: Den som forsettlig eller uaktsomt overtrer forbud, påbud, vilkår eller bestemmelser gitt i eller i medhold av loven her, straffes med bøter eller fengsel i inntil 1 år. Under særdeles skjerpende omstendigheter kan fengsel i inntil 2 år anvendes. Medvirkning og forsøk straffes på samme måte. Overtredelse av første punktum anses som en forseelse.



## Korleis vurdere kulturminna?

Korleis vi ser på kulturminna, korleis vi oppfattar eller gjev det innhald og verdi, kan variere på tvers av menneske, aldersgrupper, befolkningsgrupper og sosiale lag. Alder, om noko er «nytt» eller «gamalt» er difor ikkje et sjølvstendig kriterium når vi skal verdisette eit kulturminne.

Kulturminneplanen for Granvin herad bygger på:

- SEFRAK – registrerte bygg
- Askeladden, register over registrerte kulturminne i Norge
- Litteratur som omhandlar Granvin, som lokalhistoriske bøker, sogeboeker og arkeologiske rapportar
- Anna litteratur som bidreg til å kaste lys over Granvin
- Riksantikvarens vugleiar for kulturminneplanar

I planen har vi difor valt å tematisere kulturminna, dvs. etter gardar og verneverdige bygg, stølar og stølsområde, reiseliv, industrielle kulturminne, samferdsel og immaterielle kulturminne, og ikkje dele planen opp etter alder (som eldre og nyare tids kulturminner) som òg blir brukt i kulturminneplanar.

At vi har valt å tematisere kulturminna i planen betyr ikkje at ein ikkje kan prioritere mellom ulike kulturminner. For å vurdere eit kulturminne, både sin eigenart, men òg opp mot andre kulturminne har vi eit sett med kriteria eller eigenskaper som bidreg til å kjenneteikne kulturminnet.

Desse er:

- Alder, tidsdjupne og kontinuitet
- Autentisitet
- Mangfold og variasjon
- Samanheng og heilskap
- Sårbarheit og tålegrense
- Samspel mellom natur og kultur
- Samstundes skal kulturminna samanliknast med andre liknande kulturminne. Er det vanleg, sjeldsynt eller representativt for denne typen kulturminne? Desse eigenskapane skal leie ut i en vekting av kulturminna som inngår i kulturminneplanen.

Korleis vektar vi eit kulturminne? Kan kulturminnet ha nasjonal, regional eller lokal verneverdi? Her er eit utval kriterier brukt ved vekting av verdiar:

I kva særleg grad er kulturminnet knytt til eller representant for:

- Fasar med verdi for historia
- Verksemd med verdi for historia
- Hendingar eller personar med verdi for historia
- Ein eller fleire etniske grupper (samar som urfolk, nasjonale minoriteter eller andre etniske grupper)
- Arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi
- Verdi som kjelde til historia der det finnes få eller ingen skriftlege kjelder
- Verdi som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping

## Nokre ord og omgrep

Som vi har vore inne på er det ei rad ulike måtar å forstå eit kulturminne. Det er difor viktig å definere korleis ein omtalar og kva ein legg i ulike typar kulturminne.

### Arkeologiske kulturminne

Arkeologiske kulturminne er fysiske spor og leivningar etter eldre tiders liv og verksemd, der *utgraving og dokumentasjon* utgjer hovudmetodar og kjelder til vår kunnskap om og oppleving av fortidas samfunn. Ofte skil vi mellom *førreformatoriske* og *etterreformatoriske* arkeologiske kulturminne. I årstal går skillet før og etter 1537 e. Kr. Då førreformatoriske kulturminne er automatisk freda, får dei normalt meir merksemd frå kulturminneforvaltninga. For meir informasjon, sjå Riksantikvarens rettleiar i forvaltning arkeologiske kulturminne.<sup>3</sup>

### Biologiske kulturminner

Kulturminnelova reknar biologiske kulturminner som kulturminne på lik linje med fysiske spor og leivningar. Dette gjeld til dømes kulturværinga naturtypar som slåttemark, beitemark, kystlynghei og haustingsskog og gamle, bevaringsverdige husdyrraser, og har stor verdi både for

kulturhistoria og naturmangfaldet. I ein kulturminneplan er biologiske kulturminne viktig blant anna når vi definerer større kulturmiljø. Her kan biologisk mangfold være en viktig komponent. Dersom naturtypar er registrert som særskilt viktige i naturtypebasen, er det naturforvaltninga som har forvaltingsansvar.

<sup>3</sup> <http://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Forforvaltningen/Arkeologi/Arkeologi-veileder-i-saksbehandling>

## Faste kulturminne

Faste kulturminne er jord- eller stadfaste kulturminne. Hovudregelen er at lause gjenstandar er del av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn. *Lause kulturminne* er kulturminne som er flyttbare.

## Immateriell kulturarv – tradisjonskunnskap

Den immaterielle delen av kulturarven vår har etter kvart fått stadig større merksemd og inngår òg i omgrepet kulturminne.

Typiske døme er:

- Hendingar, tru, soger, forteljingar og tradisjon knytt til landskapet

- Tradisjonskunnskap - kunnskap og ferdigheter

Knyt til naturforhold og lokale ressursar, driftsmåtar og handverksteknikkar

- Stadnamn kan fortelle mykje om historisk bruk av eit område, som jakt og fangst, fiske, skipsfart, jarnutvinning, forhausting, seterdrift og skogsdrift

## Kulturmiljø

I følge § 2 i kulturminneloven er kulturmiljø definert som *område kor kulturminne inngår som del av en større heilskap eller samanheng*.

Kulturmiljø og landskap utvid det romlege perspektivet på kulturminna.

Kulturmiljø gjev samanheng eller heilskap som enkeltobjekta inngår i, mens landskap gjev samanheng mellom natur- og kulturmiljø (sjå òg avsnittet om biologiske kulturminne).

Kulturmiljø kan avgrensast på ulike geografiske storleiksnivå. Dei einskilde kulturminna inngår i ulike samanheng, og kulturmiljøa har ikkje eintydig storleiker. Dette kan være avhengig av situasjon og formål. Døme er heilskaplege bygningsmiljø med en klar romlig avgrensing, område med

stor tidsdjupne (kulturminner frå ulike tidsperiodar) og funksjonelle system som syner bruk av ressursar i ulike økologiske soner – frå naustet ved fjorden via garden til setra og jaktbua på fjellet.

## Verneverdig kulturminne

Omgrepa verneverdig og bevaringsverdig blir ofte brukt om kvarandre. I kulturminneplanen for Granvin bruker vi omgrepet *verneverdig*. Eit verneverdig kulturminne har så stor verneverdi at det bør vernast og bevarast. Dei fleste verneverdige eller bevaringsverdige kulturminna er *ikkje* formelt verna, men blir likevel ivaretaken fordi dei blir oppfatta som verdfulle.

Dei mest verneverdige kulturminna er oppførd på UNESCOs liste over verdas kulturarv. Kulturminne av nasjonal verdi er enten automatisk freda eller vedtaksfreda etter kulturminnelova. Kulturminne kan òg ha regional eller lokal verdi. For sistnemnde vil det normalt være Granvin som vurderer vern av slike kulturminne. Med heimel i plan- og bygningslova kan bygningar eller miljø regulerast som omsynssone bevaring.

Ein anna måte å signalisere verneverdi, er listeføring. Døme på slike lister er Byantikvaren i Oslos *gule liste*, Riksantikvarens fartøyvernliste, landsverneplaner eller lista over statens kulturhistoriske eigedomar.

## Økonomiske støtteordningar

I arbeidet med å sikre og ivareta kulturminner i heradet finns det ulike støtteordningar. Nokre ordningar er mynta på private eigarar, mens andre kan òg offentlege institusjonar söke på. Normalt må eigar rekne med ein eigenandel, frå 30 – 70 % av kostnadane. Eigenandelen kan vere eige arbeid, materialkostnader osv.



Figur 2. Løflatstova. Husmannstove som i dag står på bygdatunet i Granvin

### Hordaland Fylkeskommune

Fylkeskommunen har ansvar for fleire ulike tilskotsordningar, som freda bygg, kulturmiljø og kulturlandskap, vern og vøling av verneverdige bygg og anlegg, fartøyvern, samt skjøtsel og tilrettelegging av arkeologiske kulturminne (BARK-ordninga).

BARK er eit program initiert av Riksantikvaren, og er spesielt retta mot skjøtsel og formidling av arkeologiske kulturminne. Døme på slikt tiltak er rydding og skilting av kulturminne som har stor formidlingsverdi. Ystås, med sitt kulturlandskap, bygningar og krigshistorie er døme på eit område med stor formidlingsverdi.

Med unntak av BARK-midlar må eigarar söke direkte til fylkeskommunen på eiga skjema. Når det gjeld BARK-midlar er det heradet som er søker, då i samråd med eigar.

### Riksantikvaren

Riksantikvaren disponerer eigne midlar for mellomalderbygg. Søknaden må likevel avklarast med Hordaland fylkeskommune.

## Kulturminnefondet

Dette er eit landsdekkande offentleg eigmåndig fond med kontor på Røros.<sup>4</sup> Fondet disponerer om lag 70 mill. kr. kvart år. Søkjar må rekne med å dekke om lag 50 % av kostnadane til tiltaket. Fondets midlar skal gå til verneverdige bygg og anlegg. Det betyr at freda anlegg normalt ikkje får støtte.

Då fondet er landsdekkande og disponerer etter forholda mykje midlar er det særsmåle mange som søker. Det betyr at søker må forberede søknaden grundig og helst starte arbeidet med søknaden i god tid før søknadsfristen. Det er òg anbefalt å kontakte kulturminnefondet for eventuell synfaring slik at kulturminnefondet har førstehandskjennskap til kulturminnet. Fondet har uttalt at dei framover vil prioritere verneverdige kulturminne som er oppført i kommunale handlingsplanar/kulturminneplanar. Førebels har det vore forholdsvis få søknader til Kulturminnefondet frå Granvin.

## SMIL-midlar (Spesielle Miljøtiltak I Landbruket)

Dette er midlar gjeve som løying frå fylkesmannen i Hordaland til heradet kvart år. Midlane skal gå til bønder i aktiv drift, det vil seie at det er krav om at bonden har rett på produksjonsstøtte. Midlane blir gjeve til heradet blant anna på bakgrunn av innmeldte behov frå heradets side, så det er viktig at bønder søker, sjølv om dei ikkje når opp ved første høve. Søknad på eige skjema.<sup>5</sup> Det er eit krav at all kommunar og herad må utarbeide retningsliner for tilskot. Det er gitt signal om at freda bygg i

<sup>4</sup> [www.kulturminnefondet.no](http://www.kulturminnefondet.no), sjå også <http://www.kulturminnefondet.no/content/1358243541/Ofte-stilte-spørsmål>

<sup>5</sup> <http://www.granvin.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=316&FId=807>

<sup>6</sup> <http://www.stiftelsen-uni.no/soknaden.html>

landbruket i framtida ikkje vil vere del av SMIL-ordninga. Dette vil truleg gjelde frå 2017.

## Stiftinga UNI

Stiftinga gjev økonomisk tilskot til institusjonar og privatpersonar og har særleg fokus på skade- og miljøvern. Mellom anna har stiftinga tradisjon for å gje støtte til brannsikring av verneverdige hus.<sup>6</sup>

## Ta et tak – norsk kulturarv

Sjølv om midlane er avgrensa, så det er ein støtteordning som er meint å vere eit lågterskeltilbod, ved at kravet til dokumentasjon skal vere avgrensa. For 2014-2015 var satsingsområdet berging av forfallstrua bygningar av kulturhistorisk verdi og el-kontroll av bygg. Satsingsområdet for 2016 er ikkje utpeikt ennå.<sup>7</sup>

## Lokale stiftingar

I Hardanger finns det òg ulike lokale legat eller stiftingar. I denne samanhengen er stiftingane oppretta av Johan og Håvard Seim, og Indre Hardanger kulturvern aktuelle stader å söke om tilskot.<sup>8</sup>

## Andre legat og ulike sparebankfond

Her finn ein mellom anna Sparebanken Vest sitt allmennytige fond<sup>9</sup>, og Sparebankstiftinga Hardanger. Statuttane for fonda er relativt generelle. Dei støttar tiltak innanfor utdanning og oppvekst, festivalstøtte og bidrag som kan føre til vekst innanfor næringslivet.

<sup>7</sup> <http://kulturarv.no/aksjoner/ta-et-tak-2014-15-skadeforebyggende-tiltak-og-el-kontroll/>

<sup>8</sup> <http://www.avisa-hordaland.no/article/20140319/ARTIKEL/303199987/1003>

<sup>9</sup> <https://www.spv.no/om-oss/lokalt-engasjement/allmennytige-midler>

Nokre fristar for ulike tilskot:

- Kulturminnefondet: 1. november
- Hordaland Fylkeskommune: 1. november (gjeld alle tilskot)
- SMIL-midlar:
- Stiftinga UNI: Behandlar søknadar fortløpende etter fastsette styremøte, normalt seks gonger i året.
- Sparebank Vest fondet: Hovudsøknad 1. april, mindre beløp heile året
- Dei fleste legat har søknadsfrist enten ein gong i året, kvartalsvis eller etter avgjerd på styremøte. Her må ein sjekke kvart enkelt legat for oppdatert informasjon.



Figur 3. Detalj av interiøret i Granvin kyrkje (foto: Riksantikvaren/Torbjørn Sørmoen)

*Naturen kan òg vere nådelaus. Ein oktoberdag for 8 000 år sidan losna deler av ein undersjøisk fjellside. Hausten var ei tid på året då steinaldermenneska hadde samla seg i kystnære område for fange fisk og jakte på større pattedyr som sel og kval.*

*Dette var del av årstidsvariasjonane til steinaldersamfunna, eit mønster dei hadde fylgt sidan dei vandra etter reinsdyra for 10 000 år sidan.*


*Denne oktobermånaden skulle dette få fatale følgjer. I dag vert området kalla Storegga, og er ein viktig fiskebane utanfor Mørekysten. Storeggaraset utløyste ein tsunami av dimensjoner som knapt har vore registrert i verda elles. Enkelte av steinblokkane som ligg i Norskerenna etter raset er på 1 km i diameter! Bølgja som trefte land var 10 -12 meters høg og sopte mest alt den trefte på sjøen. Buplassar, utstyr og matforråd som skulle hjelpe dei gjennom vinteren, alt forsvann. Lidingane desse menneska måtte gjennom den hausten og vinteren kan vi knapt aне konturane i dag, 8000 år seinare.*

## Naturforholda i Granvin

Naturen i Granvin og nabokommunane blir ofte skildra som vekslande, vakker og storslått. Det er i høgste grad eit resultat av dei dramatiske overgangane mellom landskapsformane i området; frå viddeområda på Hardanger, til dei tronge, stupbratte dal- og fjordstroka.

Sjølv om ein etter dagens standard ikkje skulle tru at det låg til rette for å skaffe seg eit godt utkomme i eit slikt vekslande landskap, er det nettopp det landskapsforma har. Skal vi forstå korleis dette har vore mogleg, og kva folket i Granvin har kunne spele på av livbergingsstrategiar, må vi òg ha kjennskap til naturen og geologien i Granvin.

Grunnfjellet i Granvin er for det meiste særskilt gammal, og mykje av det stammar frå Prekambrium. Dette er ei tidsperiode som skriv seg frå då jorda vart danna, frå om lag 4,5 milliardar år sidan til om lag 542 millionar år sida. Det jorddekket som elles finst i Granvin er frå Neogen epoke (tidlegare kalla Kvartærtida). Den Neogene periode er delt inn i to epokar; Pleistocen og Holocen periode. Pleistocene byrja for omlag 1,8 million år sidan og varte til 11 500 år sida, då den vart erstatta av Holocen tid.



Sistnemnde periode er den perioden vi lever i, og omfattar mellom anna den siste istida i Norge, som slutta for om lag 10 000 år sidan.

Fjordbotnen av Granvin ligg primært i grunnfjellsområdet, og inneheld svært samansette bergarter, som gneis, granitt og kvartsitt. Granitten er mykje brukt som heller og fliser, då den sprekk opp i flak. Elles finst det òg parti av finkorna, mørke bergarter. Då primært som amfibolitt, som er en vanleg bergart i Norge.

I utgangspunktet er grunnfjellet massivt og utan klar lagdeling. Men likevel finn dei nedbrytande prosessane (som is, vind og vatn) sprekkesonar med mindre motstandskraft. Hovudretningane for sprekkesonene går i nordaust og nordvestleg retning. Dette er òg hovudretningane for dal- og fjordsistema, som Granvinfjorden og Granvinvatnet i heradet.


Einskilde stader, som nord for Granvin og deler av Hardangervidda, ligg det òg yngre bergartar over det massive grunnfjellet. Det som opphavleg var strandgrus eller silt, vart etter kvart omdanna til fast fjell som fyllitt. Fyllitten rundt Granvin er rikt på organisk materiale, omdanna til karbon. Noko som gjer at den òg inneheld forsteina organismar, som fortel litt om havet den gongen (under kambrium og eldste del av Ordovicium, om lag 500 millionar år sidan). Fyllitten gjev òg betre vilkår for landbruk enn grunnfjellet. Enkelte stader i Granvin er det òg bevart sokalla dekkbergarter (ofte kvartsskifer eller gneis), som ligg

mest som eit lokk over fyllitten. Eigentleg er dette eit missvisande namn, då dette er grunnfjellbergarter som opphavleg låg under fyllitten, men som gjennom millionar av år vart pressa gjennom fyllitten og no ligg som horisontale eller skråstilte band mellom fyllitten.

Dei store viddene i Hardanger, som òg gir gode vilkår for utmarskbeite, er resultat landheving og erosjonsprosesser. Nedbryting av gamle fjellstrokk resulterte i store, ganske flate område nær havnivå. På fagspråk blir desse ofte kalla «peneplan» («nesten flatt område»). Prosessane starta i tida før kambrium, men slik områda er i dag, er Hardangervidda særleg resultat av nedbrytingsprosesser gjennom heile jordas nytid (tertiæreppoka). Grunnforma på Hardangervidda med tilhøyrande område, er så gammal, at den stundom blir kalla den paleiske («gamle») overflata.

Dei fleste dalane i Hardanger er resultat av isens herjingar, og Granvin er ikkje noko unntak. Armert med stein og grus, og med hjelp av frysing og tining av is, er isbreane i stand til slipe vekk mykje berg og grunnfjell. Isbreane har og gitt dalsidene det klassiske U-forma tverrsnittet, med bratte fjord- og dalsider. Dette er òg grunnen til at områda i Granvin kan vere plaga av ras. Granvinvatnet på sin side, er resultat av at isen har sett frå seg ein terskel som har sperra vatnet inne frå Granvinfjorden. Slike tersklar finn ein og som undersjøiske tersklar ved utløpet av Hardangerfjorden. Mens fjorden er nesten 900 meter djup på innsida er det munningen berre 100 meter djup på grunn av terskelen. Isen transporterar stein og grus nedover, som stadig blir meir og meir fragmentert, slipt og avrunda. Noko av materialet blir avsett nær botn av breen, då som botnmorene og består av en blanding av alle kornstorleikar, frå sand, til grus, stein og blokker. Morenedekket i Hardanger er svært skiftande, både i form og tjuknad.

Ibreane er òg grunnen til at det, sjølv om områda etter dagens målestokk er små, finns gode vilkår for jordbruk. Områda der busettinga ligg langs Granvinsfjorden i dag, var dekt av fjorden for 10 000 år sidan, Faktisk låg havet om lag 100 meter over dagens nivå. Store mengder med lausmasser vart ført ut i sjøen av smeltevatn. Gradvis vart det bygd opp eit delta (israndavsetning). Slike delta består hovudsakleg av grus og sandlag. Sjølv om elva som renn frå Granvinsvatnet har fjerna mykje materiale danna dette på mange måtar grunnlaget for jordbruket i Granvin.



Figur 5. Geologisk berggrunnskart for Granvin herad  
(Kjelde: [www.ngu.no](http://www.ngu.no))



Figur 4. Der natur og kultur møtast. Foss med veg (foto: [digitalarkivet.no](http://digitalarkivet.no)) Bilete er ikkje frå Granvin!

## Kulturhistoria til Granvin

Kulturhistoria er delt opp i ulike tidsepokar; Frå steinalderen, til bronsealderen, vidare til jernalderen og vikingtida før mellomalderen og til slutt nyare tid. I Norge er dette ei tidspann som dekker dei 10 000 siste åra. Frå om lag 200 etter Kristus får vi så smått kjennskap til samfunnstilhøve gjennom runeinnskrifter, men det er først i vikingtida og mellomalderen at skriftlege kjelder i større grad bidreg til å gje innsikt i kulturhistoria i Norge.<sup>10</sup>

Mykje av kjeldetilfanget og forståinga av eldre tider er dermed basert på gjenstandsmateriale og ulike menneskeskapte anlegg, som til dømes bygningsrestar, produksjons- og fangstanlegg og gravhaugar. Dette kjeldematerialet er det primært arkeologar som forskar på. Dermed er det også arkeologar som står for mykje av vår forståing av den eldre delen av historia til Norge. I seinare tid har arkeologien i stadig større grad vorte tvervitskapleg ved at disciplinar som zoologi og botanikk har auka forståinga av korleis vi kan tolke dei arkeologiske spora.

Til sjuande og sist vil dei arkeologiske spora vi sit attende med alltid være eit lite utval av kva som opphavleg har vore tilgjengeleg. Dyrking, ulike formar for utbygging og naturkatastrofar, som ras og flaum, har til alle tider fjerna mykje kjeldematerialet. I tillegg gjev ulik føresetnader for



<sup>10</sup> Enkelte andre kjelder, som romaren Tacitus (55- om lag 117 AD) verk *Germania*, gjev også innblikk i germanske samfunn og religiøse overtydinger i jernalderen, t. d. nemner han ulike folkland, som dagens Hordaland

bevaring, at gjenstandstypar av til dømes Stein, står fram som meir talrike enn kva dei opphavleg var (det er særskilt sjeldan å finne gjenstandar og reiskap av organisk materiale, sjølv om dette var hyppig brukt). Tap av arkeologisk kjeldemateriale er konsekvens av ein utvikling som skaut fart etter siste verdskrig gjennom nedbygging av landbruksjord, bustadbygging og vegbygging.

For å få eit inntrykk av korleis heradet har endra seg, er nettstaden www.digitalmuseum.no<sup>11</sup> og facebooksida, «Gamle bilete frå Granvin» eit godt utgangspunkt. Her er det samla bilete frå Granvin som syner korleis både liv og levnad og naturen i heradet har endra seg i takt med samfunnsendringane.<sup>12</sup>

Funna frå Granvin er framleis avgrensa, og for å skape forståing av den eldste historia til Granvin, må ein også trekke inn andre område i Indre Hardanger og Vestlandet elles.

I 2007 var det i Granvin 18 registrerte automatisk freda kulturminne, fordelt på sju gravminne, fire busettads- og aktivitetssområde, to jernvinneanlegg og to kullframstillingsanlegg, dyrkingsspor, bautastein og veganlegg. I 2015 var dette talet økt til 48 registrerte automatisk freda kulturminne (tabell 1). Dette syner at potensialet for funn av kulturminne i Granvin framleis er høgt.

<sup>11</sup> Prøv t. d. [http://digitalmuseum.no/search?type\\_filter=Photograph&query=granvin](http://digitalmuseum.no/search?type_filter=Photograph&query=granvin)  
<sup>12</sup> <https://www.facebook.com/GamleBileteFraGranvin>

Automatisk freda kulturminne	Mengd
Gravminne	19
Busetnads- og aktivitetsområde	5
Jernvinneanlegg	2
Kullgroper	14
Dyrkingsspor	3
Vegfar	3
Kokegropfelt	1
Bautastein	1
<b>Totalt</b>	<b>48</b>

Tabell 1. Oversikt over automatisk freda kulturminne i Granvin: Kjelde:  
[www.askeladden.ra.no](http://www.askeladden.ra.no). Utrekk 10.november 2015

I tillegg er Granvin kyrkje vedtaksfreda,<sup>13</sup> mens det er opna fredingssak for klyngetunet på Ystås.<sup>14</sup> For gardstunet på Espeland er vedtaksfredinga oppheva. Arkeologiske funn og lokalitatar syner at Granvin har vore eit attraktivt og aktivt nytta område for busetnad og jordbruksdrift langt tilbake i tid.

I tillegg til dei automatisk freda kulturminna har Granvin òg mange interessante nyare kulturmiljø og kulturhistorie. Granvin har vore viktig for samferdsla mellom Hardanger og Voss. Vegen gjekk frå Lussand og Folkedal og over Rong og Bordalen. Når vegen gjennom Skjervet vart farbar på 1700-talet vart trafikken flytta, og Granvinsvatnet vart viktig for ferdsla. Dette gav grunnlag for verksemder og etableringar på Eide, Nedre Vassenden og Øvre Vassenden. Sidan overtok toget, jernbanelinja fekk fleire stasjonar som nye punkt for omlasting langs strekninga mellom Granvin og Voss. Til slutt gjorde bilen sitt inntog og varetransporten vart flytta frå sjø og jernbane til vegtransport. Granvin er framleis eit viktig knutepunkt for trafikken med ferjesamband mellom Kvandal og Utne og som gjennomfartsområde for trafikk mellom aust og vest. I Granvin var klyngetun vanleg, men utskiftinga ved hundrearsskiftet (1800 – 1900) pregar busetnaden i dag. I Granvin låg det òg militærer eksersplass.

Husmannsvesenet er òg ein kategori kulturminne som har fått større og større merksemd dei siste åra. I dag er det lite bevart av husmannsvesenet i Granvin, og det vetle som er att er ein viktig kulturminnekategori å bevare og verdsetje. I Norge har det så langt ikkje

<sup>13</sup> <http://www.riksantikvaren.no/Fredning/Fredninger/2012/Freding-av-Granvin-kyrkje-i-Hardanger>

<sup>14</sup> Sjå vedlegg for oversyn over registreringar i Askeladden.

vore gjort systematiske arkeologiske undersøkingar, så det er førebels uråd å datere sikkert når husmannsvesenet oppstod. Dei eldste skriftlege spora etter husmannsvesenet er frå 1600-talet.

Husmennene var lågast på rangstigen, både sosialt og i rettsreglane. Dei måtte mellom anna nøye seg med plassane som var ledig etter at gardsmennene hadde satt seg i kyrkja, noko som må ha vore ganske stigmatiserande. Vilkåra for å sitje på plassen varierte gjerne frå stad til stad, men kunne vere ganske harde. Til gjengjeld slapp husmennene skattar og avgifter som låg på matrikulert jord. Dei hadde heller ikkje plikter som til dømes skyssplikt som husbonden hadde.

Ein kategori kulturminne det diverre ikkje er rom for å omtale i denne kulturminneplanen, men som bør få fokus i framtida, er utløper og løypestrenger. Dette var del av livberginga til vestlandsbonden, men som i stadig aukande grad vert gløymd og forsvinn. Når spora etter utløpene er vekke, forsvinn og spora etter utesiåtten som gav viktig fórtilskot til beista om vinteren. I Granvin her det framleis bevart nokre få eksempel på løypestrenger. Løypestrengen på Hamre er bevart som taubane, men Per Tveito har bevart maskinverket til løypestrengen på Hamre.

Vassdraga i Granvin er òg viktig del av kultur- og brukshistoria til Granvin. Dei gav vatn til både oppgangssager og kvernhus og fiske. I Granvin var man òg tidleg ute med sportsfiske. Vassdraget som renn gjennom Eide hadde landets største bestand av sjøaure og var populært for sportfiske,

men fiskebestanden vart redusert monaleg etter 1975. Første klekkjeriet i landet vart faktisk etablert i Granvin på 1950-60-talet. Klekkjeriet låg først på Stusshaug, deretter på Nesheim og var eit grunneigarinitiativ. Dessverre måtte klekkjeriet stenge i 1972 på grunn av sjukdom.<sup>15</sup>

<sup>15</sup>

[http://www.vannportalen.no/globalassets/dokumentasjon/ghj\\_tiltakskonferanse\\_12-11-2013\\_a7qpc.pdf](http://www.vannportalen.no/globalassets/dokumentasjon/ghj_tiltakskonferanse_12-11-2013_a7qpc.pdf) og

## Prioritering av kulturminne i Granvin herad

Som nemnt tidlegare i planen (sjå s. 14), er det fleire måtar å gruppere eller samanstille kulturminna i Granvin. I denne planen har vi valt å lage ein tematisk kulturminneplan, det vil seie at kulturminna er beskrive ut frå ein bestemt tematikk og ikkje andre kriterier som til dømes eldre eller nyare tid. Tema i planen er kopla med landskapsanalysen av Granvin utarbeid i 2007. Målsetninga med dette er å skile ut område med stor kulturminneverdi. Det vil si område som bør ha spesielt fokus i kommunalt planarbeid i heradet.

I planarbeidet er det og nødvendig å prioritere mellom ulike kulturminner. Ut frå Granvin sin lange tilknyting til jordbruk og utmarksbruk, kor sistnemte i periodar har nesten industriell skala, har vi valt å gruppere kulturminna slik:

1. Gardar og verneverdige bygg
2. Stølar og stølsområde
3. Reiseliv
4. Industrielle kulturminne
5. Samferdsle
6. Krigens kulturminne
7. Immateriell kultur

## Gardar og verneverdige bygg

Som den historiske gjennomgangen av Granvin synar har heradet ein lang og spanande historie knytt til jordbruket. Mykje av det som er bevart i dag er òg knytt til det aktive, levande kulturlandskapet innanfor landbruket, som òg har stor verdi for andre næringar, som til dømes reiselivet.

Bygningar er kjelde til historie og gjev kunnskap om handverk, teknikkar, lokale tilpassingar og driftsformer. Dei bidreg òg til identitet og gjev heradet sær preg gjennom kulturmiljø og byggeskikk. I Granvin er det få bygg som er freda, men det har vore gjennomført ein SEFRÅK-undersøking av nyare tids byggverk.

På midten av 1970-talet etablert eit nasjonalt prosjekt. Målsetninga var å registrere alle bygg frå før 1900 og på den måten dokumentere og få informasjon om viktig bygningsarv som var i ferd med å gå tapt. Prosjektet vart leia av Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminner, forkorta til SEFRÅK. Etter at bygga vart registrert vart dei evaluert med utgangspunkt i alder, autentisitet, miljø og representasjon. Kvart bygg vart deretter kategorisert som A, B eller C bygg. Bygg i kategori A har eit fredingspotensial etter Kulturminnelova, mens B-bygg er aktuelle for bevaring etter Plan- og bygningslova. C-bygg har minst verneverdi, og er berre knytt opp til Plan- og bygningslovas generelle føresegn. At eit hus er registrert i SEFRÅK gjev ikkje automatisk vernestatus, og legg heller ikkje spesifikke restriksjonar på kva som kan gjerast på bygget, sjølv om tiltak er meldepliktige til kommunen. SEFRÅK-registeret fortel slik sett ikkje noko om verneverdien til eit objekt, men er eit utgangspunkt for eventuell diskusjon om vernestatus. Sjå tabell 2 og kartvedlegg for oversikt over tal og plassering av SEFRÅK-registrerte bygg i Granvin herad.

Klassifisering	Mengd
Ruin	206
C: Ikkje meldepliktig	175
A-B: Meldepliktig	411
<b>Totalt</b>	<b>792</b>

Tabell 2. Oversikt over SEFRAK-registrerte bygg i Granvin. Kjelde:  
[http://askeladden\\_wms.ra.no/arcgis/services/Andretjenester/SEFRAK/MapServer/WMServer?](http://askeladden_wms.ra.no/arcgis/services/Andretjenester/SEFRAK/MapServer/WMServer?)

Mykje av informasjonen om verneverdige hus i Granvin er henta frå boka «Gamle hus og husmannsplassar i Granvin» av Torbjørn Seim (2015). Sjå òg kartvedlegg for oversikt over bygg nemnd i planen.

Det er eit sakin at det er gjort lite konkret på byggeskikk og arkitekturhistorie i Granvin i detalj. Det meste som finns er oversiktsverk eller er del av anna arbeid. Granvin herad har imidlertid utarbeidd rettleiar for heradet som gjev god innsikt i det som finns av lokal byggeskikk i dag. Rettleiaren har og døme på gode og mindre gode tiltak.<sup>16</sup> Det kan sjå ut som om overgangen frå eldre til nyare byggeskikk og utforming av bustadhusa gjekk forholdsvis fort i Granvin. Kvifor det gjekk så fort i Granvin, som var –og framleis er dominert av landbruket er usikkert. Truleg er det en kombinasjon av brytingstid og at Granvin brått vart opna for omverda på nye måtar gjennom reiseliv, krigen og jarnbana. Oppløysninga av klyngetuna på 1800-tallet, omrent samtidig med inntoget av reiselivet har truleg òg bidrige.

NIKU (Norsk institutt for kulturminneforskning) har undersøkt byggeskikk i Hardanger og meiner å sjå endring i byggeskikken i Granvin, frå lafta lører i «riktig gamal tid» til grindverk overtok om lag rundt 1800.<sup>17</sup> Ein anna bygningstype som er særskilt for Voss og Granvin, som det òg er få av att, er lører med tømra høy- og kornbrot og med treskeløe i midten.<sup>18</sup>

<sup>16</sup> Byggeskikk i Granvin og Ulvik. Råd i planlegginga, for å fremja god lokal byggeskikk, jf.

<http://www.granvin.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=4&FilId=1216>

<sup>17</sup> <http://niku.no/filestore/Publikasjoner/NIKUTemahefte30.pdf>

<sup>18</sup> <http://www.voss.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=11455&FilId=16004>

Enkelte av kultur- og bygningsmiljøa har eit slikt omfang eller sær preg at dei bør behandlast som kulturmiljø. Dette gjeld til Ystås og Medås og Folkedal.

I Granvin bygdatun er det samla sju ulike bygg frå ulike epokar og sosiale lag. Tunet ligg sentralt i Granvin sentrum. Museet omfattar m.a. Holvenstova - ei særprega årestove, Løflatstova, mosstove, skulehus, to grindverksbygg og eit reidskapshus. Eit gammalt naust ved badeplassen på Eide høyrer òg til tunet. Museet har òg omfattande og mangfaldig museumssamling. Her finn ein m.a. mange gjenstandar samla inn lokalt.<sup>19</sup> I dag er bygdatunet del av museumskonsolideringa i Hardanger (Hardanger og Voss museum). Frå 2016 er det òg fellesbillett for alle musea som er konsolidert.

I Kulturminneplanen er det utarbeide eige liste over verneverdige bygg i heradet. Lista ligg ved som vedlegg.

## Husmannsplassar

I følgje Torbjørn Seim var det i 1865 47 husmannsplassar i Granvin. På desse plassane levde det 182 personar på dette tidspunktet, men som han òg skriv; på dette tidspunktet er truleg husmannsvesenet på full fart nedover, blant anna som resultat av utvandringa til Amerika.<sup>20</sup> I dag er det, med enkelte unntak, berre tuftar att etter plassane. Oversikten over

<sup>19</sup> Bygdatunet er òg mye brukt til konfirmasjonar, dåp, slektstreff osv. Det vert òg arrangert landbruksdag her.

<sup>20</sup> Åttarbok for Granvin er ein god kjelde for dei som vil vita meir om husmannsvesenet. Her er alle husmenn i 1865 nemnd.

husmannsplassar i kulturminneplanen er ikkje utfyllande. Systematiske registreringar vil truleg avdekke fleire tuftar enn det som er nemnd her.<sup>21</sup>

Så langt det har vore mogleg å bringe på det reine, er det berre fire hus som framleis står etter husmannsvesenet i Granvin. Løflatstova er flytta til bygdetunet på Granvin. Denne husmannstova stod på husmannsplassen på Løflat (sjå side 17 i rapporten for biletet av Løflatstova). Premiesamlinga til spelemannen Anders Kjerland er utstilt i stova. På Moøyane på Moo skal løa etter husmannsplassen framleis stå (husa er vekke). Løa står litt unna bruhaugen og vegen til Brekke, mens Nolta-stova i Kvanndal opphavleg var husmannstove på Løflat, som vart flytt til Kvanndal i 1866. På Skorvebrua var hus og løe bygd samane. Huset vart på 2000-talet kjøpt av Knut Åse og flytt til Oppheim i Ulvik.

## Framleis er det bevart tufter på:

- Steinledet i Brekke
- Grindaplassen, tuftene skal vistnok framleis vere synleg, i nærleiken til huse til Signy og Sjur Jørdre
- Leikvollen på Øvre Spildo
- Bruteigen på Seim. Her løfta til Knut Eirikson Seimsmoen (Knut Konge) og tufta til Ivar Torgrimsson Seim litt lenger inn mot Skorvo bevart
- Nesheimslia
- Struten

<sup>21</sup> Utskiftingskart frå gardane i Granvin kan vere eit godt hjelpemiddel her. Mellom anna syner utskiftingskartet over Seim fleire små hus over hotellet som stod her

- Tveite, løa sto framleis i 2010, men var mykje til nedfalls. Truleg er den borte no.
- Trå-Trældalen
- Flætene
- Trå-Litlastø
- Netland
- Litlastøl/Lillegraven
- Velken-Noten
- Tarlebø
- Kleive
- Øykjaskår
- Skarpeflåten
- Esjalde
- Orreflåten
- Kjerlandshagen
- Risruhagen

## Kulturmiljø

I kulturminneplanen føreslår vi å sjå Ystås saman med Medås som eit kulturmiljø, med felles omsynssone C i kommuneplanen («sone med særlege omsyn ...eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø av særleg interesse»). Årsaka er at Ystås er eit av få bevarte klyngje (rekke) tun i Norge og Riksantikvaren ved Hordaland fylkeskommune har starta prosessen med freding av gardstunet. Medås er òg eit godt bevart gardsanlegg. Avstanden er liten mellom anlegga og begge brukar er i aktiv drift. Opphavleg var Ystås og Medås truleg eit bruk. Den samla opplevinga av området er avhengig av at begge brukar er i aktiv drift, slik at både bygningsmasse og kulturlandskapet rundt vert skjøtta. Samla sett har brukar og områda rundt høg autentisitet.

Førerebels er det usikkert kva relasjonar det er mellom dei arkeologiske funna (gravfeltet, kolframstillinganlegg og busetjingspor) på ryggen vest for Medås. I revisjon av planen bør dette avklarast og om desse eventuelt skal takast inn i revisjon av omsynssona.

Truleg bør inste del av Folkedal òg bli merka med omsynssone C. Området inn mot garden inst i Folkedal har uvanleg mykje lauvingstre som framleis vert stelt. Dette bidreg sterkt til eit velstelt kulturlandskap i liene på austsida av vegen inn til garden. Garden har tidlegare fått SMIL-midlar for å skjøtte desse områda . Områda med styvingstre i tillegg har høg biologisk kulturminneverdi og det er viktig at eigarar blir oppmuntra til fortsatt skjøtsel.



Figur 6. Klyngetunet på Ystås

## Støler og stølsområde

Torbjørn Seim har i boka *Stølar i Granvin* (2015), kartlagt 63 stølar brukt av gardar i Granvin herad. Av desse er 61 innanfor heradet, mens resten vart brukt av gardar i heradet, men låg i andre kommunar (sjå kartvedlegg). Stølsområde i Granvin er lite undersøkt. Skriftlege kjelder strekk seg stort sett berre tilbake til siste halvdel av 1600-talet, men undersøkingar av stølsområde elles i landet har gitt dateringar tilbake til jernalderen.<sup>22</sup> Det er ikke grunn til å tru at det skal være annleis her i heradet. Generelt er dei gamle stølsområde i dag prega av skogplanting og veksande attgroing. Ingen av område er undersøkt med tanke på biologisk mangfald. Stølsdrifta tok stort sett slutt i perioden 1900-1960. Det er også grunn til å tru at det finns fleire stølsområder i Granvin enn det Seim har kartlagt i boka si. Til dømes indikerer stadnamnet «Tuftene» at det tidlegare har vore støla på vestsida av Kjerringatjørni.

<sup>22</sup> Til dømes er det gjort fleire undersøkingar i Sogndal kommune som syner bruk av utmark kopla til mellom anna støling som truleg strekk seg attende til jernalderen

<b>Støl</b>	<b>Ståande bygg</b>	<b>Tuftar</b>
2. Helleren	3	-
<b>3. Fossdal</b>	<b>5</b>	<b>1</b>
<b>10. Mikkjelsstøl</b>	<b>5</b>	
<b>15. Steinsete</b>	<b>2</b>	<b>1</b>
<b>16. Liasete</b>	<b>2</b>	<b>2</b>
<b>17. Skålsete</b>	<b>1</b>	<b>3</b>
18. Nyastøl	3	-
19. Langedalen	1	-
20. Olastøl	9	-
<b>21. Grostøl</b>	<b>2</b>	<b>7</b>
30. Stokksel	-	2
<b>31. Måvotno</b>	<b>2</b>	<b>1</b>
<b>32. Vatnasete</b>	<b>11</b>	<b>1</b>
<b>33. Litlastøl</b>	<b>7</b>	-
<b>34. Hedler</b>	<b>2</b>	<b>2</b>
37. Stokksel	5	-
<b>38. Liaset</b>	<b>2</b>	<b>2</b>
<b>53. Bjørndalen</b>	<b>3</b>	<b>1</b>
54. Jøretveitane	1	-
<b>Totalt</b>	<b>66</b>	<b>23</b>

*Tabell 3. Oversikt over stølsområde i Granvin med SEFRAK-registrerte bygg, klasse A-B, samt registrerte tuftar. Område som er spesielt nemnd i planen er utheva med feit skrift.*

Sjølv om det ikkje lenger er aktiv støling i Granvin er det framleis svært mange stølsområde som er helde i god hevd. Dette gjeld både bygningar og tree rundt bygga. I kulturminneplanen er det gjort eitt utval, basert på om stølsområda har spesielle kvalitetar, som verneverdi og potensiale for nyregistrering av kulturminne. Det betyr ikkje at andre stølar ikkje kan ha spesielle kvalitetar, men omfang og ressursituasjonen i høve kulturminneplanen, har gjort det nødvendig å prioritere mellom stølsområda.<sup>23</sup>

Når det gjeld fordelinga av stølsområde relatert til landskapsanalysen ligg 10 av stølane på vestsida av Granvinsfjorden og Granvinsvatnet, åtte på nordsida av Granvinsvatnet og seks stølsområde på austsida av Granvinsvatnet. På vestsida ligg åtte av stølsområda på støls og beite landskap og to på fjellområde. På nordsida av Granvinsvatnet ligg alle utpeikte stølsområde i Støls- og beiteområde. På austsida er bilete litt annleis: Her ligg eit stølsområde innanfor skogbruksområde og fem innanfor hyttemiljø og tilrettelagde rekreasjonsområde.

Det er vanskeleg å få god oversikt over verneverdi og tilstand ut frå SEFRAK-registeret slik registeret er i dag, men ni av dei stølsområda som er spesielt nemnd i kulturminneplanen har SEFRAK-registrerte bygg som er meldepliktige når det gjeld ombygging eller riving (totalt har 19 støler

<sup>23</sup> Det er SEFRAK-registrerte bygg, klassifisert som A-B på fleire stølar som ikkje er tatt med i dette utvalet (sjå tabell 3)

SEFRAK-registrerte bygg i klasse A-B). Sjå tabell 3 og kartvedlegg for oversikt over stølsområde nemnd i kulturminneplanen.

Granvin herad bør vurdere å gjennomføre registrering av både ståande bygg og andre fysiske spor som t. d. tuftar på stølsområda. Dette vil bidra til å sikre forsvarleg saksbehandling når det gjeld ombygging og restaurering av bygg og stølsområde som kan ha høg verneverdi.

Av 61 stølar, er 24 stølar spesielt utpeikt i kulturminneplanen for Granvin.<sup>24</sup>

---

<sup>24</sup> Sjå vedlegg for oversikt over utvalde stølsområde. Tala i skildringa av dei einskilde stølane referer til nummera i oversiktskartet over stølsområdet som ligg som vedlegg til planen. Utvalde stølar er merka med blå sirklar i kartet.

## Reiseliv

Sjølv om turisme stod sterkare i heradet før, har Granvin ei lang og stolt reiselivshistorie og heradet er viktig del av norsk reiseliv. Folk såg tidleg moglegheitene som låg her. Grovt sett kan reiselivet delast inn i to bølgjer, eller vekstperiodar. Den først kom med den nasjonalromantiske bølgja på slutten av 1800-talet og varte fram til første verdskrig. Med verdskriga kollapsa meir eller mindre næringa i Granvin, før den tok seg opp att fram til andre verdskrig kor den på nytt datt saman. Etter dette vart ikkje reiselivet heilt det same i heradet, sjølv om den framleis spelar ei viss rolle og er ein viktig del av identiteten til Granvin. Fleire stader er det og bevart skyssprotokollar som fortel gjev innblikk i kva folks om vitja områda rundt Granvin. Mest kjent er kanskje skyss/hotellprotokollane Jaunsens Gjestgjevarstad, kor blant anna Kong Oscar 2 overnatta (i skyssboka står det «kongen vår» bak navnetrekket for å understreke kven som var på besøk).

Noko av grunnen til framveksten av turismen, utover naturmangfald og lokal kultur -og byggeskikk, er truleg Granvin si plassering som knutepunkt for vidare reiser inn i indre Hardanger. Kjende kunstnarar, som Thomas Fernley, Fritz Thaulow, Hans Gude og Adolph Tidemand held til i Granvin i kortare eller lengre periodar.

Mest kjend i dag er Jaunsens Gjestgjevarstad, som er eit sermerkt hus med lang historie og skiftande eigarar. Opphavleg bygd som gjestgjevarstad og skysstasjon. Samansett av tre ulike bygg datert til 1726 og 1759-1785. Gjestgjevarstaden fekk òg ein viktig rolle i det nye reiselivet. Det har tidlegare vore diskutert om bygget bør fredast. Gjestgjevarstaden har uansett stor lokal verneverdi.

I motsetning til dei gamle skysstasjonane og vertshusa bygd og drivne for å betene omreisande og eit meir lokalt publikum vart det etter kvart fleire stader bygd overnattingstader tilpassa det meir moderne reiselivet. I Skjervet, med utgangspunkt Skjervefossen, var det òg lenge drevet overnatting og kafédrift retta mot turisme og generelt reiseliv. Først sto Skjærven hotell her (1890-96). I 1902 fekk Olav Josefson Bø skøyte på tomta og bygde Fossheim kaffè på hotellmurane. Fossheim kaffè var i drift fram til første verdskrig. Då vart det brått slutt på turisttrafikken. Kafeen vart riven og huset vart flytt til Voss, men murane står framleis.

På Seim var det òg hotell og overnatting for reisande. Torbjørn Seim bur i hus som i ein periode fungerte som overnattingsstad. Skyssbøkene her er framleis bevart (i privat eige). På Øvre Vassenden var det òg i ein kortare periode hotell (saman med skysstasjon, landhandel og telefon- og telegrafstasjon).

Ved sidan av Jaunsens gjestgjevarstad, var det fleire hotell og overnattingstadar på Eidet. Mellom anna låg Mælands turisthotell her. Bygget brann ned i 1984. Haukanes hotell låg òg her.

# MÆ LAND'S HOTELL



## Industrielle kulturminne

Generelt er det lite industrirelaterte verksemder i Granvin. I dag er husdyrbasert landbruk største næringa, og om lag 1/3 av yrkesaktive innbyggjarar i Granvin arbeid utanfor heradet. Av enkeltverksemder er Moelven Granvin bruk største arbeidsplass.

Sjølv om det førebels ikkje er registrert så mykje av desse kulturminna i Granvin herad, veit vi frå andre stader i Hardanger at det i utmarka ligg tallause rester etter kolgroper, jarnvinneanlegg og fangstanlegg frå forhistorisk tid. Eit produkt som vi tar for gitt i dag, men om mogleg var enda meir livsnødvendig før i tida, var salt. Stadnamn og skriftlege kjelder fortel at salt vart utvunne frå fjordvatn (koksalt) i Hardanger. Truleg starta dette i overgangen mellom mellomalderen og nyare tid, og var ein ettertrakta handelsvare.<sup>25</sup>

Samla sett har utnyttinga av utmarksressursane i Granvin og Hardanger nesten industriell skala. Dei eldste spora er frå eldre jernalder, men særleg i mellomalderen kan vi sjå at desse aktivitetane når eit særstort omfang i Hardanger.

I nyare tid kan vi sjå gjennom både skriftlege kjelder, stadnamn og einskilde stader gjennom bevarte bygg, at folk i Granvin enten spesialiserte seg eller hadde ulike tilleggsnæringar. I Folkedal vart det mellom anna smidd ljåar for sal i stort omfang. Ei stund var òg folk engasjert i Bøkkernæringa (produksjon av tretønner/bidne). Omfanget av dette er det forska lite på i Hardanger, men både i Nesheimlia, Holve,

Spildo og Seim var det Hassel (Hatle) skog. I skogen vart det tatt ut småtre, brukt som band til tønnene.



Figur 7. Ljåsmie i Folkedal (jf.

[http://digitaltmuseum.no/011085440176?rows=72&type\\_filter=Story&query=granvin&pos=20](http://digitaltmuseum.no/011085440176?rows=72&type_filter=Story&query=granvin&pos=20)

<sup>25</sup> I Europa i mellomalderen var salt viktig skatteobjekt, til og med festningsverk vart finansiert gjennom slik skattlegging. I Frankrike vart felttog i 1260 mot Sør-

Europa finansiert gjennom saltskatt. Skatten (la gabelle) vart ikkje avskaffa før 1790

Fiske var òg viktig del av sjølvhushaldet. I dag er det lite eller ingenting som er bevart av notbygg (naustliknande bygg brukt til å garve og tørke nota etter fiske).

Granvinelva var lenge rekna som ei av landets beste aurevassdrag. Fiske var viktig del av inntekta til bruks som hadde fiskerett men også for innbyggjarane i Granvin. Graven Fiskerforening vart stifta i 1865. Alt i 1866 vart det bygd klekkeri på Spildo. I 1879 vart klekkeri i Urdalen på Nesheim bygd. Det var frå då av meldt om utklekking av yngel kvart år i klekkeriet frå 1872 til 1972. Klekkeriet på Nesheim står framleis.

I elva mellom sjøen og Granvinvatnet føregjekk det fiske med kjær og det må ha vore mange av dei. Ein kan langs elva sjå restar etter kjærveiter eller «vårer» som dei vart kalla av bygdefolket. I ei oversikt frå 1884 var det reistrett 24 kjærveiter i elva mellom vatnet og sjøen.

Framveksten av oppgangssaga gav nye moglegheiter i utnytting av skogen. Ikkje berre arbeida sagi raskare, men det vart òg mogleg å få fleire plank ut av eit tre enn tidlegare. Arvtakaren etter denne drifta, som ein fann fleire stader i Granvin, er Granvin bruk. Bruket vart etablert i 1965. I dag er det om lag 42 tilsette på bruket som ligg sentralt til på Eidet. Moelven er i dag eigar av Granvin bruk.

Kolgropes er førebels registrert på austsiden av Folkedal, ved Skålset og langs vegen til Skeidset. Ofte ligg kolgropes i nærleiken til stølsområde (som for Skålset) og truleg skjuler det seg tallause kolgropes i utmarka i Granvin. Stadnamn som fortel om slik bruk aktivitet er til dømes «Kolgrovehaugen», nord for garden Tveita i Kvanndal.

Som for kolgropes er jernvinneanlegg eit kulturminne som er lite kjend i Granvin, men som truleg har eit mykje større omfang enn kva som er

registrert i dag. Førebelts er det kjend slike anlegg ved vegen til Vatnasete, bak Vindal og ved Tråelvi. Stadnamn som byrjar på eller inneholder variantar av ordet «svart», som «Svartavatnet» (ligg mellom Kvanndal og Fossdalen) og «Svartetjørni» (nordaust for Vatnasete) kan òg vere indikasjon på at det kan vere jernvinneanlegg i nærleiken.

Førebelts er det berre registrert eit fangstanlegg, ved Rastakleiv, men det må forventast at talet vil auka betrakteleg ved systematisk undersøking av utmark og utspørjing av lokalkjende.



Figur 8. Rekonstruksjon av fangstanlegg ([www.historieboka.no](http://www.historieboka.no))

Når det gjeld saltutvinning er det ikke gjort direkte funn av slike stader. Truleg vil det også vere avsett få fysiske spor. Dersom det ikke framleis er munnlege overleveringer om bruken, er det ofte særslig utfordrande å påvise dei. Vi må difor bruke anna informasjon, som skattetal, stadnamn og andre skriftlege kjelder for å danne oss eit inntrykk om verksemda. I Norden var salt viktig ingrediens i grøt- og vellingkosten som dei fleste var avhengig av. Ikkje minst var saltet viktig konserveringsmiddel for kjøtt og fisk. For sistnemnde gjaldt det særleg silda, som må saltast forholdsvis

fort for å ikkje verte øydelagd. Rundt år 1500 trakk silda nordover, og det er omrent på same tid vi ser at saltkokning i Hardanger tek av.<sup>26</sup>

Typiske namn som kan indikere saltproduksjon er «Saltkjelen», «Saltskår» og «Salttunneskåra». I Granvin er slike stadnamn registrert ved Lussand, Kvanddal og ovanfor Hamrehagen.



Figur 9. Saltutvinning. Olaus Magnus. *Norgeshistoria* (1555)

<sup>26</sup> <http://borreminne.hive.no/aargangene/1997/08-saltet.htm> m. kjelder

Granvin har òg ein interessant e-verk historie, som er godt dokumentert av Torbjørn Seim (2011). Frå 1911 vart det fleire gonger gjort forsøk på å etablere e-verk i Granvin, men først i 1938 vart planane formelt realisert i form av Granvin Elverk. Dessverre vart el-laget plaga av dårlig økonomi og problem knytt til gammalt, attbrukt, utstyr. I dag er e-laget slått saman med Hardanger Energi AS. Granvin har òg 0,05 % eigardel i BKK.

I Granvin er det dam (i Krokavatn) og kraftstasjon i Folkedal og restar av anleggsbygginga. I perioden 2012-2013 bygde Hardanger Energi Nye Folkedal Kraftverk. Kraftstasjonen er flytta lenger ned i dalen og produksjonen er tredobla etter ombygginga. Den gamle kraftstasjonen står framleis.

På Lussand har Vigleik Mo eit lite kraftmuseum (gardskraftverk) med blant anna generator frå 1912.

Som kuriositet kan nemnast at Baroniet i Rosendal framleis har fallrettar i Tveitofossen, då dei eigde fleire garder Granvin fram til 1960-1970-åra.



Figur 10. Folkedal nye kraftverk  
[https://no.wikipedia.org/wiki/Folkedal\\_kraftverk](https://no.wikipedia.org/wiki/Folkedal_kraftverk)

## Samferdsle

I eldre dagar var sjøen føretrekte ferdsliveg der det var mogleg, men plasseringa til Granvin, mellom Voss, Ulvik og Eidfjord og Hardangervidda, har òg bidrige sterkt til at det finns tallause små og store ferdselvegar til lands.

Granvin kan by på lang og variert historie når det gjeld samferdsla. Både i kraft av eiga industriproduksjon, reiselivet, og Granvin si plassering som bindeledd mellom nabobygdene inneber i sum til at kontakten både mellom bygdelaga i Granvin og utover har vore stor og variert.

Det har i lengre tid, på ulike måtar, vore arbeidd med å setje i stand og skilte eldre ferdsliveger til turbruk. Både turlaget i Granvin og lokale eldsjeler er involvert i dette arbeidet. Mellom anna vert det arbeid med å restaurere vegen mellom Kjærland og Tveito. Dette prosjektet inneber bygging av to nye bruver etter gamle teikningar, mens vegen skal restaurerast ved hjelp av Geir Vetti sine sherpaer. Kostnadsramma for dette prosjektet er om lag 2 mill.

Enkelte av ferdslivegane har spennande og interessante historier knytt til seg. Mest kjend er truleg vegen gjennom Skjervet, som er omtala i mellomalderkjelder (diplom frå 1343)<sup>27</sup> og vegen som går frå Folkedal, opp dalen og vidare mot Voss. I fylgje segna var dette vegen Olav Haraldsson før då han skulle kristne vossingane i 1023.

<sup>27</sup> Sjå t. d.

[http://www.sffarkiv.no/sffbasar/style\\_hordaland.asp?p=result&db=dbatlas\\_leks&art\\_id=112064&spraak\\_id=1&pctype=single&lang=eng&paging=yes](http://www.sffarkiv.no/sffbasar/style_hordaland.asp?p=result&db=dbatlas_leks&art_id=112064&spraak_id=1&pctype=single&lang=eng&paging=yes)

Over tid har sjølvsagt måten å bygga vegar i Norge endra seg mykje. Men planlegging og utføring av vegbygginga bærer nok framleis preg av å vere stykkvis og delt. Granvin er ikkje noko unntak her. Første vegen langs Granvinsvatnet vart bygd mellom 1850-1860. Vegen gjennom Granvinsbygda kom i 1891. Her måtte ein nemnd garantere for vegen. Vegen i Espelandsdalen (sjå og bilete på side 22 var ferdig i 1899. Vegen over Skjervet har anar tilbake til mellomalderen, men første farande veg over Skjervet kom på 1700-talet. Den gong var det òg etablert skysstasjonar i relasjon til vegen (skysstasjonane på Eide ved Granvinsfjorden, på Øvre Vassenden ved Granvinsvatnet og på Flatlandsmo var alle kopa til vegen). Då var dette òg hovudsambandet mellom Hardanger og Vossabygdene.<sup>28</sup> Vegen gjennom Skjervet vart omlagd fleire gonger på 1700- og 1800-talet., men dei store utbetringane kom etter 1840. Kjørevegen gjennom Skjervet var den første vega som kom opp på det første fylkestinget i 1838. Løyvinga vart vedteken med den grunngjevinga at vegen måtte prioriterast, då det var det einaste kjørevegsambandet mellom Hardanger og Bergen.

Frå Voss gjekk også ein mykje nytta veg frå Flatlandsmo over fjellet til Folkedal ved Granvinsfjorden.

Etter ei større omlegging i 1870 vart det samanhengande kjøreveg heilt fram til Eide. Det var då på tale å leggja ned skysstasjonen i Øvre Vassenden, men på grunn av behovet for embetsreiser i distriktet – futen

<sup>28</sup>

[http://www.sffarkiv.no/sffbasar/style\\_hordaland.asp?p=result&db=dbatlas\\_leks&art\\_id=112064&spraak\\_id=1&pctype=single&lang=eng&paging=yes](http://www.sffarkiv.no/sffbasar/style_hordaland.asp?p=result&db=dbatlas_leks&art_id=112064&spraak_id=1&pctype=single&lang=eng&paging=yes). Alt i Alt i åra 1817 og 1825 kjørte biskopane Pavels og Neumann her med hest og vogn

og sorenskrivaren – vart skysstasjonen her først nedlagd etter første verdskrig, då bilane overtok.

Vegen langs fjorden vart ferdigstilt av tyskarane under krigen (1943).

## Saltveger

Det er fleire saltveger i Granvin, mest brukte vegen gikk via Folkedal til Voss (via stølsvegen til Helgastøl og Mikkjelstøl, mot Svortetjørn). Andre gjekk til Raundalen (via Skjerve-Sledasteinen-Tverberg før Raundalen) og Lussand, via Rongastovo (Bordalen) til Voss. I Skipardalen gikk det minst to ulike saltveger. Det gjekk òg vegfar via Spildo-Skipardalen og via Seldalen-Rastakleiv-Mjølfjell.

## Togbana

Gjennom Hardangerbana (oppført Granvinsbana) er Granvin òg del av norsk jernbanehistorie. Bana ble offisielt opna 30. mars 1935, som elektrifisert bane. Dette var òg den første bana til NSB som var elektrifisert frå byrjinga. Persontrafikken ble lagt ned 1. juni 1986, fire år seinare, i 1989 vart òg godstrafikken nedlagt.

Ideen om jernbane mellom Voss og Granvin kom første gong opp under bygging av bana mellom Bergen og Voss, planane vart tatt opp på nyt under bygginga av Bergensbana, då som trikkelinje. Arbeidet med bana vart først stoppa av dåverande arbeidsminister Worm Darre-Jenssen (Høgre), men Stortinget overprøvde vedtaket, då som elektrifisert jernbane og ikkje med trikkeskinne. Sjølv om bana opplevde større passasjertrafikk en forventa, var det likevel godstrafikken som dominerte i

verdi. På slutten av 1970-talet sank godstrafikken dramatisk, både som konsekvens av konjunkturendringar og konkurransen med lastebiltransporten. Lav akselvekt på jernbana skapte òg store problem for tungtransporten på bana.

I dag er deler av jernbanetraseen bevart som gong- og sykkelveg. Truleg er det behov for vedlikehald på enkeltstrekningar.

## Sjøen og fjorden som transportåre

M/S Granvin er på mange måtar den mest synlege representanten for fjorden som transportåre. Båten vart bygd ved A/S Mjellem & Karlsen i Bergen for Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap i 1931.<sup>29</sup> Båten skulle trafikkere lokalrutene i Indre Hardanger. I hovudsak gjekk M/S Granvin i Sørfjordrutene mellom Odda og Granvin. I perioden 1931-1935 gjekk båten òg i turistrute om sommaren. Slik sett er skipet òg kopla til reiselivshistoria i Granvin og Hardanger og oppblomstringa som reiselivet opplevde før andre verdskriga.

På Eidet er det framleis bevart naustrekke som fortel litt om kor viktig fjorden var i eldre dagar.

<sup>29</sup> <http://fjordabaaten.ning.com/page/ms-granvin>



## Krigens kulturminne

Den tyske krigsmaskina hadde store planar for Hardanger, dette omfatta òg Granvin, og det vart bygd forsvarsverk i form av bunkersar, tunellar og skytestillingar i heradet. I Espelandsdalen vart det òg starta bygging av fangeleir for russiske krigsfangar.

*Historia og det tragiske endeliket til russaren Alexander Paulovitsj Savtsjenko.*

*Mot slutten av andre verdskrig klarte Savtsjenko å rømme frå tysk fangetransport og gøyme seg i fjella rundt Granvin. Etter kvart kom han i kontakt med lokale folk. Truleg var han utdanna tømrar eller noko liknande. Mens han for frå støl til støl, hende det at han vølte litt på husa. Arbeidet skal ha vore fint utført. Etter kvart fekk han truleg problem med nervane og den konstante frykta for å bli teken av tyskarane. Oppførselen vart meir og meir irrasjonell. Han truga òg folk som hadde hjelpt han med mat og overnatting om at han ville avsløre dei, om han ikkje fekk meir mat, tobakk og drikke. Dette gjorde òg folk i heimefronten nervøs, då dette sat dei i fare. Etter å ha vurdert ulike alternativ vart det avgjort at dei måtte ta livet av Savtsjenko. Han vart lurt med på tur i ein robåt, ut på vatnet vart han skoten og senka i sjøen.*

Leiren vart aldri ferdigstilt. Krigsfangane skulle mellom anna stå for forlenging av vegen langs Granvinsfjorden, mellom Granvin og Kvanddal. Nasjonalbiblioteket har òg opptak av intervju med Oberst Knut Aarra som mellom anna fortel om kampane i Skjervet. Aud Nygård har òg grufull skildring av kampane her.<sup>30</sup> Det er ikkje gjort systematisk arbeid med krigens kulturminne i heradet og det er stort behov for å kartlegge desse, både for å få kunnskap om omfang og type aktivitetar som vart utført på begge sider i Granvin under krigen, men òg fordi dette er kulturminne som står i fare for å bli fjerna då dei ofte er lite påakta.

Sevrin Kjerland har tidlegare skreve ned tyske forsvarsverk i Granvin. Dette er ein viktig kjelde til kunnskapen om den tyske krigsmakta og korleis dei befesta Hardanger (sjå vedlegg for oversikta til Kjerland). Det er samstundes stort behov for å nyregistre desse kulturminna. Kva er bevart av anlegg, og kva tilstand anlegga har, er viktige spørsmål.

Førebels veit vi at det er bevart anlegg ved:

- Skjervet: I området ved den nye rastepplassen og servicebygget som Statens Vegvesen er i ferd med å slutføre i Skjervet er det bevart restar etter tyske stillingar frå 2. verdskrig.
- Haugen: Bevart ein bunker
- Tunsberg: Her ligg det fleire stillingar bygd av tyskarane
- Espelandsdalen: Fangeleir som aldri vart fullført. I dag er alle spor etter leiren vekke
- Havnanes: Krigsstillingar bygd av tyskarane

<sup>30</sup> Intervju med Oberst Knut Aarra:  
<http://www.nb.no/nbsok/nb/5f6b032dd4f789e464eaee5cc72e364e?index=4>.  
Informasjon finn ein og i boka «Bømoen og Tvildemoen. Litt om dei gamle eksersplassane» Utgjeven av Veteranforening for Voss og omland, MMVIII,

[http://www.tysklandsbrigaden.no/publikasjonar/bok\\_web.pdf](http://www.tysklandsbrigaden.no/publikasjonar/bok_web.pdf), Aud Nygård 2010: Minne frå krigsåra, s. 17-18 (I: Gamle dagar i Samnanger. Årbok 2010, Samnanger Historielag)

- Ystås: Senter for motstandsbevegelsen (radiosamband), knytt til heimefronten. Trefningar med tyskarane og NS-folk frå Bergen i området, kor motstandsmannen Torstein Kjerland mista livet. Andre vart etter kvart arrestert og utsatt for harde avhør med bruk av tortur. Etter krigen vart det reist ein bautastein som minne om motstandskampen og hendingane på Ystås her.
- Hause: I skogen bygde motstandsbevegelsen vaktbu med tårn. Vaktbua med tårnet er i dag brukt som hytte. Høg verneverdi, få anlegg knytt til motstandsbevegelsen i Granvin er bevart og bygget skal vere godt vedlikehalden.
- Tunellar bygd av tyskarane
- Eide: Her ble det plassert så kalla «Hitlertenner» på stranda med minefelt for å hindre eventuell alliert landgang i Granvin.
- På Lussand og Kvanddal skal det òg vere bevart krigsminne



**Figur 11. Tysk soldat på vakt ved kai i Granvin**  
[http://digitaltmuseum.no/011012885459?rows=72&type\\_filter=Photograph&query=gr  
anvin%20krig&pos=0#&gid=1&pid=1](http://digitaltmuseum.no/011012885459?rows=72&type_filter=Photograph&query=granvin%20krig&pos=0#&gid=1&pid=1)

## Immaterielle kulturminne

Immaterielle kulturminne er eit vidt omgrep, døme på dette er tradisjonskunnskap og handverksteknikkar og stadnamn som fortel om historisk bruk av eit område.

Presten Bertel Jensen Worm som nekta kona til gjestgjevaren Hans Johannsen Pyck nattverd eingong på 1730-talet er eit godt døme på korleis personar lever vidare gjennom lokale fortellingar og historier. Presten, som ein ikkje kan seie utmerka seg ved spesielt pietistisk livførsel, spelte kort og drakk brennevin med tamburen (militær signaltrommeslagar). Kona til Pyck ba tamburen om å halde seg for seg sjølve og ikkje søke lag med presten. Då hun i tillegg nekta å selje meir alkohol til presten vart han vred og det sluttar med at presten sa han ville nekte kona nattverd heretter. Noko som naturligvis skapte otte hjå gjestgjevar-ekteparet. Historia fortel litt om kven som opphalde seg på Jansen gjestgjevarstad på 1730-talet, korleis det var mellom øvrigheita og resten av samfunnslaga, men den fortell litt òg litt om korleis brennevin skapte problem for folk uavhengig av kva stand ein var del av.

Lokale forteljingar , soger og hendingar er òg viktig del av lokalhistoria. Det er gjerne små historier, men som gjev viktig innblikk i liv og levnad i eldre dagar.

Framfor alt har Granvin ein viktig rolle nasjonalt gjennom folkemusikkakademiet (Hardingfeleakademiet).<sup>31</sup> På Granvin bygdetun blir det kvart år gitt undervising på meisterklassenivå i hardingfelespeling, både nasjonalt og internasjonalt. Granvin har fostra fleire landskjende felespelarar som Knut Hamre, Anders Kjærland og dottera Ingeleiv Kjærland Kvammen.

Fellesnemnar for mange av spelemennene, er at dei òg var dyktige handverkarar i samspel med folkemusikken. I heradet har det òg vore gode felemakarar som Håvard Kvandal<sup>32</sup> og Olav Vindal. Hardanger og Voss Museum har utstilt både feler og trekksespel laga eller som har relasjon til Granvin. Museet har òg etablert nettstaden [Hardingfela.no](http://Hardingfela.no). Ambisjonane er at dette skal vere leiande nettstad for forsking og formidling av hardingfela.

Hardingfelehistoria er dokumentert gjennom oppgåve skrive av Aleksander Aga Røynstrand. Boka om Anders Kjærland (E. Mjelde m f. 2000) fortel òg om korleis slåttane vart overlevert frå generasjon til generasjon. Granvin herad har samarbeid om å gi ut cd om spelarhola Granvin. På plata er det mellom anna dokumentert korleis folkemusikk vert overført frå person til person i praksis samspel mellom musikantar eller spelemeister og lærling.

<sup>31</sup><http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Arkiv---kultur/2014/September/Ny-meisterklasse-i-hardingfele/>  
<http://www.hardingfela.no/master-class-hardanger>

<sup>32</sup><http://www.allkunne.no/framsida/biografiar/k/havard-kvandal/94/1685/>

Ein anna, og betydningsfull person i Granvin er botanikaren Johan Havaas. Han var gardbruker og sjølvlært botanikar (autodidakt). Han stod for ein unik forskargjerning, som småbrukar vart han internasjonal ekspert på lav ved sjølvstudium.<sup>33</sup> Hovudsamlinga hans har Universitetet i Bergen, mens privatherbariet vart kjøpt av Duke University i USA. Havaas fekk Kongens fortjenestemedalje i 1935 og i 1995 vart det laga ei eiga Havaas utstilling i Granvin Bygdamuseum.

Lag og organisasjonar, gjerne i samspel med skulen i Granvin er viktige kulturbærare og formidlarar av lokalhistorie. Skulen har ofte store prosjekt med tema henta frå lokalhistoria som gjerne blir avslutta med utstilling i gamle Kulturbanken. Til dømes handla det siste prosjektet om hardangerbana. Bondelaget er òg viktig aktør i Granvin. Dei har mellom anna gitt økonomisk stønad til å registrere bunadar og stadnamninsamling.

Granvin husflidslag er eit viktig og aktivt lag i Granvin, som gjer ein stor jobb i å registrere og halde liv i bunadstradisjonane i Granvin. Laget har eiga vevstove i gamle televerksbygget på Eide. Dei har faste medlemsmøter i slutten av kvar månad.<sup>34</sup>

Noko som har fått fornya merksemd, og som går att i skriftlege kjelder, syn og segn og stadnamn, er bjørneproblematikken. Det er tydeleg at bjørnen vart oppfatta som stor plage i Granvin før i tida. Noko som nok står ganske framand for folk flest i dag i Granvin. Bjørnen hadde og mytiske trekk i folkedjupet før. Mellom anna hadde jordmoren i Granvin med seg ein bjørneklo i veska. Dersom det ikkje var råd å få ut borne, var

siste utveg å stryke bjørnekloa over magen til den fødande. Dette skulle skremme ungen ut.

Ved øvre enden av Granvinsvatnet mot Jone, ligg Tjuvanotten, ein sermerkt fjellformasjon. I bakkant av Tjuvanotten er der ei stor hole. Lokale segn fortel om fredlause som gjøymde seg i hola. Det skal òg ha vore funne dyrebein i hola.

<sup>33</sup> Sjå t. d. [https://nbl.snl.no/Johan\\_Havaas](https://nbl.snl.no/Johan_Havaas)

<sup>34</sup> [http://www.husflid.no/lokallag/hordaland/lokallag/granvin\\_husflidslag](http://www.husflid.no/lokallag/hordaland/lokallag/granvin_husflidslag)

## Handlingsprogram – Prioriterte tiltak

Granvin herad valt å prioritere følgjande tiltak for kommande periode. For enkelte prosjekt kan det være aktuelt å samarbeide med t. d. skuleverket (registrering og utstilling som skuleprosjekt).

	Tiltak	Når?	Kostnad	Finansiering	Ansvar for oppfølging	Samarbeids-partnarar	Kommentar
1	Husmannsvesenet	2016-2017	?				Enkel kartlegging av husmannsvesenet. Kvar låg husmannsplassane, kor er det bevart tufter, Kva muntlege kjelder eksister? Bruke t. d. utsiktkart som kjeldemateriale
2	Historiske bygg		?	Kulturminnefondet?	Historielag?	Hardanger og Voss museum	Behov for kartlegging av tilstand på historiske bygg i heradet. Kva hus bør være med i framtidig oppdatering av kulturplanen?
3	Krigshistoria	2016	?		Granvin herad og T. Seim	Torbjørn Seim	Nyregistrering og oppdatering av kulturminne frå krigen. Kva er bevart og kva er tilstand på desse?
4	Oppsetting av plakett etter russisk krigsfange	2017?	?	Søkelokale stiftingar?		Torbjørn Seim	Sette opp plakett på fjellet der han gjøymde seg for tyskarane
5	Skaffe midlar og fullføre dokumentaregistrering og sjon av samlinga på bygdetunet.	2016->	?	Norsk kulturråd?	Granvin herad	Hardanger og Voss museum	Bygdatunet har viktig lokalt kjeldemateriale som ikkje er ferdigregistrert.
6	Registrering av løypestrenger og uteløper	2017?			Turlag/sogelag?	Hardanger og Voss museum	

## Kjelder

- Eikehaug, Tine m.fl. 2012:** Fv. 7 Lussandberget, Granvin herad  
Konsekvensutgreiing Ikkje-prisette konsekvensar, Statens Vegvesen 2012
- Hamre, Alfred 1976:** Granvin kyrkje. Festskrift utgjeve i høve 250-års høgtida 1726-1976. *Granvin sokneråd*
- Holtan, D. 2010:** Supplerande kartlegging av naturtypar i Granvin herad. Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 2/2010
- Kjerland, Kjell 1995:** - Like før freden. To krigsoffer i Granvin. *Friske tankar A.S. Øystese 1995*
- Kolltveit, Olav 1977:** Sogebok for Granvin, Ulvik og Eidfjord, Bind II, red Olav Kolltveit. *Granvin, Ulvik og Eidfjord Bygdeboknemnd, 1977*
- Mjelde, E. m. fl. 2000:** Ein bauta i tonar. Anders Kjærland 1900-1989. *Hardanger Spelemannslag. Granvin herad.*
- Nygård, Aud 2010:** Minne frå krigsåra, s. 17-18. I: Gamle dagar i Samnanger. Årbok 2010, *Samnanger Historielag*
- Riksantikvaren 2013:** Kulturminner i kommunen. Håndbok for lokal registrering. *Revidert utgåve 2013*
- Riksantikvaren 2013:** Veileder. Kulturminner i kommunen. Kulturminneplaner.
- Rye, Noralf 1977:** Sogebok for Granvin, Ulvik og Eidfjord, Bind I, red. Olav Kolltveit. *Granvin, Ulvik og Eidfjord Bygdeboknemnd, 1977*
- Seim, Torbjørn 2011:** Granvin Elektrisitetsverk. Ei 100 års soga. Uprenta.

**Seim ,Torbjørn 2015:** Stølane i Granvin.

**Seim, Torbjørn 2015:** Gamle hus og husmannsplassar i Granvin

## Nettstader (generelle)

**Hordaland fylkeskommune. Kulturminneforvaltning:**

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturminnevern-og-museum/Kulturminneforvaltning/Kulturminnevern>

**Stortingsmeldingar:**

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2002-1/id380082/>

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-16-2004-2005-id406291/>

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-35-20122013/id725021/>

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Stmeld-nr-26-2006-2007-id465279/>

**Riksantikvaren:**

<http://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Forforvaltningen/Arkeologi/Arkeologi-veileder-i-saksbehandling>

[www.askeladden.no](http://www.askeladden.no) (berre for fagfolk og konsulentar/rådgjevarar).

[www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no) (ope løysing basert på www.askeladden.no)

**Stiftingar:**

[www.kulturminnefondet.no](http://kulturminnefondet.no)

<http://kulturminnefondet.no/content/1358243541/Ofte-stilte-sporsmal>

<http://www.stiftelsen-uni.no/soknaden.html>

<http://kulturarv.no/aksjoner/ta-et-tak-2014-15-skadeforebyggende-tiltak-og-el-kontroll/>

<http://www.avisa-hordaland.no/article/20140319/ARTIKEL/303199987/1003>

<https://www.spv.no/om-oss/lokalt-engasjement/allmennytige-midler>

**Fotobasar:**

[www.digitalmuseum.no/search?type\\_filter=Photograph&query=granvin](http://www.digitalmuseum.no/search?type_filter=Photograph&query=granvin)

<https://www.facebook.com/GamleBileteFraGranvin>

**Biologisk mangfold:**

[http://www.vannportalen.no/globalassets/dokumentasjon/ghj\\_tiltakskonferanse\\_12-11-2013\\_a7qgc.pdf](http://www.vannportalen.no/globalassets/dokumentasjon/ghj_tiltakskonferanse_12-11-2013_a7qgc.pdf)

<http://www.granvin.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=49&FId=940http://www.radgivende-biologer.no/uploads/Rapporter/204.pdf>

**Om byggeskikk:**

<http://niku.no/filestore/Publikasjoner/NIKUTemahefte30.pdf>

## Nettstader (sortert etter tema)

**Gardar og verneverdige bygg:**

**Rettleiar for lokal byggjeskikk:**

<http://www.granvin.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=4&FId=1216>

**Freding av Granvin kyrkje:**

<http://www.riksantikvaren.no/Fredning/Fredninger/2012/Freding-av-Granvin-kyrkje-i-Hardanger> (med fredingsdokument)

**Seim, Torbjørn:** <http://www.avisa-hordaland.no/nyhende/granvin/seim-tek-deg-tilbake-i-tid> (2015)

**Industrielle kulturminne:**

Saltutvinning: <http://borreminne.hive.no/aargangene/1997/08-saltet.htm>  
m. kjelder.

**Samferdsle:**

<http://www.bt.no/nyheter/lokalt/lokalhistorie/Der-tida-og-toget-star-stille-1893524.html>

**Skjervet, arkivet til Sogn og Fjordane fylkeskommune:**

[http://www.sffarkiv.no/sffbasar/style\\_hordaland.asp?p=result&db=dbatlas\\_leks&art\\_id=112064&spraak\\_id=1&pctype=single](http://www.sffarkiv.no/sffbasar/style_hordaland.asp?p=result&db=dbatlas_leks&art_id=112064&spraak_id=1&pctype=single)

**M/S Granvin:**

<http://fjordabaaten.ning.com/page/ms-granvin>

**Krigens kulturminne:**

**Intervju med Oberst Knut Aarra:**

<http://www.nb.no/nbsok/nb/5f6b032dd4f789e464eaee5cc72e364e?index=4>

**Bømoen og Tvildemoen. Litt om dei gamle eksersplassane» Utgjeven av Veteranforening for Voss og omland, MMVIII, Voss 2008:**  
[http://www.tysklandsbrigaden.no/publikasjonar/bok\\_web.pdf](http://www.tysklandsbrigaden.no/publikasjonar/bok_web.pdf)

**Immaterielle kulturminne:**

**Hardingfele:**

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Arkiv---kultur/2014/September/Ny-meisterklasse-i-hardingfele/>

**Håvard Kvandal:**

<http://www.allkunne.no/framsida/biografiar/k/havard-kvandal/94/1685/>

<http://www.hardingfela.no/master-class-hardanger>

[www.hardingfela.no](http://www.hardingfela.no)

**Johan Havaas:**

[https://nbl.snl.no/Johan\\_Havaas](https://nbl.snl.no/Johan_Havaas)

**Granvin Husflidslag:**

[http://www.husflid.no/lokallag/hordaland/lokallag/granvin\\_husflidslag](http://www.husflid.no/lokallag/hordaland/lokallag/granvin_husflidslag)

Museumsdirektør: Randi Bårtveit (møte i arbeidsgruppa 16. mars 2016)

Rep. for frivillig arbeid: Torbjørn Seim (møte i arbeidsgruppa 16. mars 2016)

## Munnlege kjelder

Ass. rådmann Olav Seim (oppstartsmøte 18. september og folkemøte 18.11.2015)

Ordførar Ingebjørg Winjum (folkemøte 18.11.2015)

Jordbruksjef Thomas Sjøflot (folkemøte 18.11.2015)

Plansjef Ebbe Dam Meinild (møte i arbeidsgruppa 16. mars 2016)

## Vedlegg Oversikt over verneverdige bygg:

Nr.	Bygg	Gnr.	Kommentar
1	Årestove på Moo	82/2.	Eldre enn 1794, kan være flytt fra Voss.
2	Våningshus på Skaftedal	84/1	Bygget er nemnt i «Norske Gardsbruk». Skal være fra 1660-talet. Er i så fall truleg automatisk freda. Bygget treng vedlikehald.
3	Våningshus på Skaftedal.	84/2.	Våningshus, deler av huset skal ha vært kornmagasin, som sto på Røynstrandsøyra. Samansett hus. Deler av huset er fra 1814, andre deler fra før 1850, men totalt sett ganske ombygd i nyare tid, sjølv om det er godt bevart.
4	Årestove på Jørdre	85/2.	Verneverdig? Godt bevart, men jordgolvet er skifta ut med tregolv. I bruk som verkstad i dag. Godt dokumentert historie til bygget gjer det ekstra spennande. Årestova er omtalt i boka «Røykstover på Voss» (Ole Didrik Lærum)
5	Øvre Seim, Moden.. «Gamla Vaktæ». Flytta Øvre Seim. Våningshus.	94/2	frå Øvre Seim etter jordskifte i 1870-talet. Truleg Årestove. Namnet kjem kanskje av at bygget kan ha vore brukt til likvake? Godt bevart. Mogleg datering til 1650-talet, så fall er det automatisk freda
6		94/3	I 1857 vart to stover på Øvre Seim samanbygd, enkelte element kjem trulig frå andre stader, som en dør i stova og på lemmen. Fekk endelig utforming rundt 1900.
7	Holvensstova på Bygdatunet i	(oppf. Holven 96/1)	Kjøpt til bygdetunet i 1971. Truleg bygd i 1806. Brukt som bustadhus til 1880, etter det bruk i kortare og lengre tid av ulike familiær som bustadhus. Vert kalla «Storstova» på folkemunne
8	Klokkarstova på Storegraven.	102/1	Ekstra spesiell, mykje på grunn av lang og variert historie, skulestove. Godt dokumentert. Godt bevart bygg? Datert til midten av 1700-talet.
9	Gamlestova på Velken.	104/2	Flytt frå 103/2, oppsett på 104/2 som grendahus. Glasmåleri frå 1625-1640 på lemmen. Mykje ombygd, men lang historie. Oppsett etter 1710 då garden brann. Innskåre årstalet 1769 på vindbord.
10	Medås	111/1	Årestove som er samanføyd med moderne kjøkkenavdeling. Bygget skal på folkemunne vere frå tida før svartedauden. Bør avklarast. I så fall er bygget automatisk freda.
11	Medås. Våningshuset i Utetun.	111/2 123/1	Glasstove frå 1814, kan vere bygd av same folk som reiste glasstove på Ystås (bnr. 3). Fleire ombyggingar. Nordsida av huset er av to tømra stover, som kan ha element frå mellomalderen. Elles element 1700-talet og 1804
12	Utetun,	123/2	Opphavleg bustad, no brukt som verkstad, datert til siste halvdel av 1700-talet.
13	Stove på nedre Røynstrand..	121/2	Opphavleg stove av rundtømmer, men endra mykje i nyare tid. Mogleg datering til 1500-1600-talet.
14	Storstova i Øvre Folkedal	129/4	Gamal årestove. Flytt til Smidjehaugen etter utskiftinga rundt 1900. Hordaland fylkeskommune daterer bygget til 1600-talet. Bør vurdere om årestova skal få formell status som freda bygg.
15	Mosstova i Elvatun.	??	Gamal årestove av rundtømmer. Omvølt, i god stand. 1751 er skore inn i bjelke, men bygget er truleg eldre
16	Mosstova på Leite	??	Bygd av rundtømmer, tekt om att på 1920-talet med nye sperrer. Stod opphavleg på Haugane (byggefeltet), flytt til Framitun og tilslutt der ho står i dag. Har vore foreslått at bygget er reist rundt reformasjonstida. Automatisk freda?
17	Årestova på Hamre	130/1	Vakker årestove, flytt hit etter utskifting på 1920-talet, med kjeller. Samanbygd med våningshuset på garden. Merker etter moldbenker. Taket er kledd med plater innvendig. I bruk som daglegstove på garden. Automatisk freda?
16	Årestove på Hamre	130/6	Noverande eigar har flytta og snudd huset på tunet. Merker etter moldbenker. Merka tømmerstokkar. Lafteteknikken kjem visstnok frå Telemark. I følgje tradisjonen kjem huset frå Tjoflåt. Minst 1600-talet, kan hende 1500-talet. Bygget kan vere automatisk freda?
19	Stabbur og eldhus på Hamre	130/??	Stabbur frå siste halvdel av 1700-talet . Eldhus er truleg restar av gammal røykstove 16-1700-talet?

Nr.	Bygg	Gnr.	Kommentar
20	Gamlestova på Hamre	130/??	Tømra, med slette veger inne. Flytt fleire gonger. Takbjelke har 1814 innskore, men dette er truleg frå ombygging/oppattsetting. 1700-talet? Godt bevart.
21	Kårstove i Kvanndal	??/1	Flytt frå det gamle klyngetunet i Kvanndal. På same tunet står òg anna kårstove, tømra veger, som er slette på innsida. Fungerte òg som landets minste postkontor. Kvanndalfolka var særslig flinke felemakalar/spelarar (godt døme på immateriell kultur)
22	Nolta-stova i Kvanndal	??/??	Husmannstove flytt frå Løfot og satt opp i Kvanndal i 1866. Har òg vært brukt som skulestove
23	Granvin kyrkje	-	Vedtaksfreda etter kulturminnelova. Kyrkja er frå 1726, men kyrkjestaden har røter tilbake til mellomalderen og er i dag eit historisk og visuelt fastpunkt som formidlar fortidas kommunikasjonsveger
24	Jaansen Gjestgjevarstad	-	Opphavleg bygd som gjestgjevarstad og skyssstasjon. Samansett av tre ulike bygg datert til 1726 og 1759-1785. Gjestgjevarstaden fekk òg ein viktig rolle i det nye reiselivet. Det har tidlegare vore diskutert om bygget bør fredast. Gjestgjevarstaden har uansett stor lokal verneverdi (bygget er ikkje avmerkt på kart)
25	Trudvang ungdomshus	-	Ungdomshus, 100-årsstad heradet mykjebrukt forsamlingshus. Frå 1931. Særmerkt dekormåling. Ligg i sentrum på Eide (ikkje avmerkt på kart)
26.	Bygdatunet	-	Samling av seks ulike hus, samt naust som atspeglar lokal bygge- og kulturhistorie. Viktig samling av lokale gjenstandar og bunadshistorie

Oversikt over stølar og stølsområde utpeikt i kulturminneplanen.

Nr. i parentes syner nr på kart over stølane.


	<b>Støl</b>	<b>Gnr.</b>	<b>Kommentar</b>
1 (3.)	Fossdal	?/?	Fjellstøl til Lussand og Beggevik. Stølen ligg vakkert til mellom to elvefar, 500 moh. Stølsområdet består i dag av fem bygningar plassert på bergknausar som inngår i eit heilskapleg stølsmiljø. Mykje brukt turterren. Den gamle ferdslivegen mellom Voss-Bordalen-Lussand gjekk via Fossdal
2 (5.)	Kvanndalsstølen	?/?	Stølen til bruka på Kvanndal. Eit av stølshusa er bygd i stein og med årstalet 1822. Det var ikkje træe på stølen, men under krigen vart det slått på Budeieslåtten nedanfor stølen. Om dette området har vore slått tidlegare er uvisst. I seinare tid er det bygd fire hytta på stølsområdet
3 (8.)	Håli	126/1, 126/2, 126/3 og 126/5).	Støl for bruка i Nedre Folkedal. Bnr. 3 og bnr. 5 delte sel då dette tidlegare var same bruk. Stølsområdet ligg sær fint til, langs fjordkanten, med utsyn over Hardangerfjorden og innløpet til Granvinsfjorden. Træet vart slått før. Bevart fleire tufter. Truleg høgt potensialet for nyregistreringar på træet
4 (9.)	Helgastøl	?/?	Eigd av brukarane på Sandflåten, Brekke, Elvatung og Hesgiljane. Stølen ligg om lag 500 moh., vest for dei øvste bruка på Folkedal. Lokalt heiter det seg at stølen har namnet etter Heilag Olav sin vandring frå Laskarv mot Voss i 1023. Lett tilkomst med veg. Stort stølsområde, som er delt i to einingar. Træet vart slått. Potensialet for nyregistreringar vurdert som høg
5 (10.)	Mikkjelsstøl	?/?	Ligg under brukarane på Øvre Folkedal. Om lag 500 moh. Opphavleg var træet omfattande på stølen. Fire av stølsbygga står framleis. På tufta til det femte stølsbygget er det satt opp ny hytte. Kraftutbygginga har gjort åtkomsten Mikkjelsstøl lett. Det går òg ein gamal ferdsliveg til Voss via stølen. Knytt tragisk historie til stølen frå andre verdskrig. Det vart bygd nytt sel på Smidjehaugen. Ansvarleg for arbeidet fekk hjelpe av russar som hadde rømt frå fangetransport. Han som var ansvarleg for bygginga døydde for eige grep. Russaren vart drepen av heimefronten (Kjerland 1995:23-37)
6 (15.)	Steinsete. Støl for gardane Nestås og Kollanes	?/?	Ligg på om lag 700 moh, fint over Granvinsfjorden. Stølen er godt bevart, men areala utanfor træet er attgrodd. Stølshusa til Nestås står slik dei var da det var aktiv stølsdrift her. Det eine bygget er truleg frå første halvdel av 1800-talet, mens det andre er frå siste halvdel av 1800-talet. Kollanesselet ramla saman allereie på 1920-talet. Det ble satt opp ein hytte på tufta i 2003
7 (16.)	Liasete.	?/?	Stølen ligg under bruка på Ystås. Av opphavleg tre stølsbygg er det berre eit som står att (bnr. 2). På den eine tufta er det ny hytte (omkring 1980). Berre tuften står igjen på siste. Opphavleg var træet som høyrd til kvart stølshus inngjerda med steinmur. Steinmuren som inngjerda træet på yttersiden er dessverre skada av skogsveg bygd for nokre år sida. Området utanfor træet er svært attgrodd
8 (17.)	Skålsete	?/?	Stølen ligg under Medås og Havås. Lett tilgjengeleg frå vegen som går til Olastøl. Av opphavleg tre stølshus står berre eit att. Alderen er ikkje kjend. Træet var inngjerda med mur og passgard, mykje av dette er framleis bevart. Registrert kolgrøper ved stølen, noko som kan vere teikn på jernvinneanlegg i nærleiken. Potensialet for nyregistrering av kulturminne er høgt.
9 (21.)	Grostøl. Støl for Nesheim, Taskjelle	107/1,2,3,5,7 og 9, xx/xx og xx/xx.	Ligg i sørvesthellinga under Horganipen. Svært mange av bruка hadde stølsrett. Træet vart slått og høyet ført heimatt. Stort og fint område, med god utsikt over Granvinsvatnet. Mange tufter etter stølshus. Træa var inngjerda og er stort sett framleis synlege. Heilskapleg stølsmiljø, med stort potensiale for nyregistrering av kulturminner
10 (22.)	Horgastøl.	107/8,11,12 og 13	Støl for bruk på Nesheim. Husa på stølen er av nyare dato. Usikker verdi?
11 (23.)	Njuk	?/?	Støl til Haugen, Såkvitne og Nesbø. Ligg rett over gardane som stølen tilhørar. Ligg fint oppå fjellkammen. Alle bruка hadde kvart sitt træe som vart haust og kjørt heimatt. Potensialet for nyregistreringar er truleg høg
12 (30.)	Stokksel	?/?	Støl for Kjerland og Utetun på Eide. Stølen ligg fremst på Stokkseldalen, om lag 400 moh. Bruka på Utetun hadde vist nok støl på Haolsete, men flytta stølshuset til noverande plass pga. lite vatn. Bjørneplagen skal òg ha vore stor spesielt på Haolsete. Bjørneslåa på døra til Midtunselet skal vere eit minne frå då selet sto på Haolsete. Dette skal ha vorte gjort på 1700-talet. Opphavleg har det truleg vore fleire stølplasser i området. Torbjørn Seim meiner det var tre stølar på austsida, ein på vestsida og ein på Haolsete. I tillegg skal det ha vore sommarstølar på Hausskar og Søtedalen

Nr.	Støl	Gnr.	Kommentar
13 (31.)	Måvotno	?/?	for bruka på Tveito. Ligg fint til langs vatnet med same namn, om lag 450 moh. Fleire av husa vart satt opp på i første halvdel av 1900-talet. Alderen på resten av husa er ukjend. Træet vart slege og høyet kjørt heimatt. Steingarden som markerer træet er bevart på den austlege siden. Den første telefonlina, bygd i perioden 1880-1890, mellom Ulvik og Granvin passerte stølen. Området er lett tilgjengeleg med bilveg og er attraktiv turområde for hyttefolk og andre
14 (32.)	Vatnasete.	?/?	Støl for bruka på Haugse (gnr.??). Stølsområdet ligg sær fint til langs Vatnasetevatnet, om lag 500 moh. Den gamle ferdslivegen mellom Granvin og Ulvik passerte stølen. Vegen og stølen vart brukt av både turistar og standpersonar og er òg ein del av turistsoga til Granvin herad. Gjestebøkene frå 1800-talet er tatt vare på og er ein viktig kjelde. Populært turområde heile året. Uavklart potensiale når det gjeld nyregistrering av kulturminne
15 (33.)	Litlastøl.	?/?	Støl til gardane på Vindedal. Fin utsikt over fjorden, om lag 500 moh. Opphavleg var det fem sel på stølen, men eine stølen vart flytta og sett opp som uteløp på Vindedal. Resten er teken vare på, det er òg bygd fleire hytter her i seinare tid. Alle hadde træe, og høyet vart kjørt heimatt om vinteren. Potensiale for nyregistrering av kulturminner
16 (34.)	Hedler	?/?	Ligg berre 20 minuttars gange frå gardane. Bruka hadde kvart sitt stølshus med eige træe som vart slegen. Stølshuset på bnr. 2 vart flytta hit i 1820 åra, men årstalet 1764 som er innskoren i veggen tyder på at huset er flytta hit eller ombygd. Træet er framleis inngjerda i aust og deler av sørssida. Usikkert potensiale for nyregistrering av kulturminner Liaset. Heimestøl til Holven og Trå (gnr.??). Lett tilgjengeleg via bilvegen over Espelandsdalen. Stor og fint stølsområde på begge sider av vegen. Potensialet for nyregistrering av kulturminne er truleg høgt
17 (38.)	Liaset.	?/?	Heimestøl til Holven og Trå. Lett tilgjengeleg via bilvegen over Espelandsdalen. Stor og fint stølsområde på begge sider av vegen. Potensialet for nyregistrering av kulturminne er truleg høgt
18 (45.)	Fagnastøl	?/?	Flott støl, men ras har gått her, seinast i 1993. Områder er òg plaga av vassig. Træet vart ikkje slått. Det skal framleis vere mange tufter på selsbøen. Potensialet er for nyregistreringar er truleg høgt, til tross for at stølen har vore ramma av ras
19 (46.)		?/?	Odden. Fjellstøl til eine bruket på Seim (gnr.??). Træet vart slått og høyet kjørt heimatt om vinteren. Bygget er lafta, eldste delen av stølsbygget er truleg frå 1840-talet og står på solide steinmurar (årstalet er innrissa på nedste omfaret)
20 (49.)	Skeidset.	?/?	Heimestøl til brukarane på nedre Spildo. Støl med spennande namn, som ofte vert tolka som at det har vore kappriding eller hesteskeid i gamal tid. Stølsområdet ligg på vestsida av Seims- og Spildodalen. I dag står det fire stølshus og tre-fire hytter i området. Stølen til Knut Johan Ullestад skal vere særskilt gammalt
21 (50.)	Aunaset	?/?	Fjellstøl til brukarane på Spildo (gnr. 90/??). Området kan by på store og gode beiteområder innover Skipadalen og Bestebeita. Nokre av stølshusa har vore flytta litt rundt på stølen, men husa er generelt i god stand. Stølshuset på gnr. 90/1 treng våling (roteskade på lafestokk)
22 (53.)	Bjørndalen	?/?	Heiemestølen til bruka på Kolskår Stølen ligg i solrikt terren, nordaust og eit stykke ovanfor garden, om lag 600 moh. Det er store beiteområder og fine oppdyrka træe, som framleis blir slått. I dag står det to-tre hytter på stølsmarken. Det er truleg potensialet for nyregistrering av kulturminner på træe
23 (57.)	Skykkjeset	83/1, 83/2, 85/1, 85/2 og 85/4	Fjellstølen til Jørdre og Brekke. Stølen ligg inst og høgt oppi dalen, om lag 750 moh. Træet vart slått og det blir sagt at høyet var av slik kvalitet at kyrna melka meir når dei fekk dette foret.
24 (61.)	Latebakken	?/?	Stølen til Moo. Træet vart slått. Stølshuset er frå 1950-talet. Men træet er stort og potensialet for nyregistrering a kulturminne er høgt.

Tyske forsvarsverk i Granvin 1940-1945 (Krigens kulturminne). Etter  
Sevrin Kjerland. Opphavleg låg det ved eit kart, men det er no forsvunne


Nr.	Område	Kommentar
1	Moavatnet	116. Bensin- og oljelager i tunell (uferdig jernbanetunell). Lageret låg der til krigen var over
2	Moavatnet	105. 4-5. Sprengkammer under riksvegen
3	Moavatnet	106. Mg. Stilling
4	Moavatnet	106. Mg. Stilling med løpagrav
5	Moavatnet	111-113. To store barakker + 3-4 småhus
6	Moavatnet	107-106. Bunker i fjell med skyttargrav
7	Moavatnet	106. Skyttargrav, open
8	Moavatnet	106. Mg. Stilling med løpargrav
9	Moavatnet	106. Mg. Stilling med løpargrav
10	Moavatnet	113. Før barakkane vart bygde, bydde det tyske soldatar i huset på Moo
11	Moavatnet	Russiske fangar m . fl. Hogg ut ved drift av jernbana (Bergensbana)
12 (1.)	Njuk	409. Beslaglagt ei kort tid i 1940 (april-mai)
13 (2.)	Njuk	109-106.
14 (3.)	Njuk	106-170-109. Bunker i fjell med skytestilling og observasjonspost
15 (4.)	Njuk	106-109. Skytestilling, observasjonspost
16 (1.)	Nestås	103. Pansersperring langs stranda. Sjå kart over Arnes
17 (2.)	Nestås	105. Minefelt (landminer med snubletrådar) med dobbelt piggtrådgjerde kring. Minene vart fjerna før krigen var slutt. Mange miner detonert pga fugl, kattar og hundar og at høgflo kom inn over land med rek og bylgje.
18 (3.)	Nestås	104. Piggrådsperring
19 (4.)	Nestås	209. Båten «Harråde» vart bomba av engelske fly (heva etter krigen)
20 (5.)	Nestås	115. Fire bunkarar med løpegrav
21 (6.)	Nestås	106. To Mg. Stillingar
22 (7.)	Nestås	107. To bunkarar, delvis i fjell
23 (8.)	Nestås	107. Bunkers av tømmer og morene
24 (9.)	Nestås	106-107. Anlegg innskote i fjell, skytestilling og bunkar
25 (10.)	Nestås	201. Kaianlegg med jernbansespor. Jernbanest. Vakt heile krigen.
26 (11.)	Nestås	113. Vaktrom for kaivakt m. m.
27 (12.)	Nestås	106. Tre skyttarstillingar, observasjonspost
28 (13.)	Nestås	105. Underminering av riksveg
29 (14.)	Nestås	401-404. «Mælands Turisthotell»
30 (15.)	Nestås	412-403. Beslaglagt heradshus
31 (16.)	Nestås	412. Beslaglagt ei kortare tid i 194?
32 (17.)	Nestås	412. Telefonstasjon (heilte tida)
33 (18.)	Nestås	444 Barakkar oppsette i slutten av krigen (Nsten ikkje brukte)
34 (19.)	Nestås	405. Garasje - verkstad

Nr.	Område	Kommentar
35 (20.)	Nestås	409-403. Beslaglagd ungdomshus, heile krigen, med unntak av ein kort periode
36 (21.)	Nestås	106-107. Fire skyttarstillingar, bunkers (liten)
37 (22.)	Nestås	419. Stall for 10-15 hestar hjå Hans Kjerland 1943-44
38 (23.)	Nestås	107. Bunkers av tømmer og morene
39(24.)	Nestås	109. Skyttarstillingar med løpegraver
40 (25.)	Nestås	Beslaglagd del av hus til hestevakt (fem mann), 1943/44
41 (26.)	Nestås	104. Piggrådsperring
42 (27.)	Nestås	106. Artilleristilling (tre kanonstillingar med fjorden som siktemål. Berre ein gong vart kanonen oppstilt her.
43 (28.)	Nestås	106. Artilleristilling (tre kanonstillingar med fjorden som siktemål. Berre ein gong vart kanonen oppstilt her
44 (29.)	Nestås	106. Artilleristilling (tre kanonstillingar med fjorden som siktemål. Berre ein gong vart kanonen oppstilt her
45 (30.)	Nestås	109. Observasjonspost. Bunkers av tømmer og morene
46 (31.)	Nestås	109. Bunkers innskote i fjell
47 (32.)	Nestås	421. Skytebane
48 (33.)	Nestås	407-415. Beslaglagd skule ei kort stund. Hovudkommando ved raidet på Ystås 1945. Radiolager.
49 (34.)	Nestås	105. Underminering av riksveg
50 (1.)	Arnes	106-109. På Furenes var det tre opparbeida stillingar for Mg. og observasjon
51 (2.)	Arnes	106. Kanonstilling, med veggen på den andre sida av fjorden som mål
52 (3.)	Arnes	113. Naust med hurtiggåandande motorbåt + vaktlag
53 (4.)	Arnes	107. Bunkers bygd av tømmer og morene. To stk.
54 (5.)	Arnes	107-106. Bunkers innskote i fjell (stor). To stk.
55 (6.)	Arnes	103. Pansersperring(Tyskartanner eller Hitlerstanner) langs stranda, held fram til elva. Sjå kart over Neståas (Håvard Kvanndal). 106-109. Mg. Stilling, observasjonspost. Vegen frå Ålvik – Kvam vart ferdig til Kvanndal nov. 1940
56 (1.)	Kvanndal	
57 (1.)	Beggevik	105. Underminering av veg
58 (1.)	Lussand	106. To brystvern (observasjonspostar)
59 (2.)	Lussand	114. Skulehus, tyske soldatar budde her i 1942-43
60 (3.)	Lussand	114. 1940, tyske soldatar låg på verkstaden til Olav Mo i 2-3 dagar. Vegen frå Ålvik til Lussand var ferdig, men ikkje bruene. Dei måtte gå frå Ålvik



# AURLAND NATURVERKSTAD

57



# AURLAND

NATURVERKSTAD

58

